



MASTEROPPGÅVE

Klubbleiarar i norske fotballklubbar sitt perspektiv på berekraft i fotballen og klubben.

Leaders in Norwegian football clubs perspective on sustainability in football and their club.

Kandidat 213 – Torstein Bakketun Kyte

Master Idrettsvitenskap

FLKI.

Birte Barsnes Frøyd & Håvard Grøteide.

15.05.2023

Innholdsliste

Innhald

Innholdsliste	1
Forord.....	2
Summary	3
Innleiing	4
Oppbygging av oppgåva:	5
Teori.....	6
Bakgrunn	6
Kva er berekraft?.....	6
FNs berekraftsmål	8
Idrett.....	10
Fotball	11
- Fotballorganisasjonane.....	12
- Supporterar og arrangement.....	12
- Klubb.....	14
- Fotball og miljø.....	15
Teoriar.....	17
Metode	18
Kvalitativ metode.....	18
Utval.....	20
Hermeneutikk.....	21
Intervju.....	24
Intervjuguide	25
Gjennomføring	26
Tematisk analyse.....	27
Forskningsetikk.....	28
Forskningskvalitet.....	30
Resultat	30
Drøfting.....	42
Konklusjon.....	56
Litteraturliste.....	58

Forord

Etter arbeidet med denne oppgåva vil eg gjerne takke vegleiarane mine for uvurderleg hjelp og støtte med arbeidet, konstruktive tilbakemeldingar og tolmod med ein lang skriveprosess. Det har vore forsinkingar og uforutsette hendingar på vegen, men dei har gjeve meg tillit heile vegen og eg er sjølv ganske nøgd med sluttproduktet. Dei har gjort oppgåva vesentleg betre enn om eg berre skulle rabla fritt.

Takk til alle som stilte opp som intervjupersonar! Det var ein langsam og tungvint prosess med å få tak i intervjupersonar, so eg er djupt taknemleg for dei som stilte opp, gav tid og mykje spanande informasjon som gjorde at eg fekk spanande data å jobba med.

Dette er ein tematikk som har opptatt meg lenge og noko eg tykkjer det er på høg tid at ein agera på. Heldigvis har det vore endring frå eg starta å skriva og til no. Det er opplyftande, men det vil krevje enorm innsats for å nå berekraftsmåla og å nå klimamåla for 2030. Sånn eg opplever det er det meir og meir som tydar på at norsk idrett og friluftsliv er lite foreinleg med berekraft sånn me utøvar det no og at det må radikale endringar til for å nærma seg berekraftig aktivitet. Om folk er viljuge til å ofra hobbyane sine for saka vert spanande å følgje med på.

Den viktigaste innsikta eg sitt attmed i høve til masteroppgåva er at det å skrive ein masteroppgåve er ikkje so gale, det er det å ikkje få skriva på den som er verst. Dei gongane ein har fått jobba lenge og funne flyten har det vore veldig kjekt. Det har vore eit interessant prosjekt og det var rom for mange ulike problemstillingar og tematikkar, men eg måtte avgrensa litt for at det ikkje skulle verte ein bok av det.

Eg håpar fleire vil forska på temaet for det kjem til å verte veldig viktig framøve.

Torstein Bakketun Kyte

Mai, 2023.

Summary

This paper has explored leaders in Norwegian football clubs perspective on sustainability in football and their club.

It is a qualitative paper where one has interviewed six leaders in Norwegian football clubs, from different levels and with different job titles: CEO or Chief sustainability officer. They have been asked about sustainability in football, their club, on national and international level.

The main findings of this study were that all of them knew the term «sustainability», but they understood it quite differently to the definition in the Brundtland report from 1987. All the clubs worked with sustainability to various degrees. All the interviewees view sustainability as something football needs to get involved with. All of them think football needs to work with sustainability, but there are different views on what the motivation should be and what areas within the sustainability term one should focus on.

There was a consensus towards sustainability work, but some differences regarding how much each club had done and was planning to do. There were also some differences in the views on other clubs, the federations, and local and national authorities, where some were positive and others negative.

There were few noticeable differences in the views of the CEOs and the Chief sustainability officers. All six interviewees expressed different ideas and defined sustainability differently. Some focused on the Brundtland report definition, others the three themes within sustainability (environment, economics, and social matters) and some through the UNs sustainability goals. All the clubs had started their work in the last decade, but some had worked on similar projects earlier for different reasons. The clubs were at different stages of their projects. Some worked systematically, others more freely.

Each club had its own set of different challenges, and one does not think these findings are representative of all Norwegian clubs. The findings are relatively nuanced. With the interviewees choosing to join the study on their own volition, there is a possibility that the ones who joined are from clubs that work with sustainability and who would therefore be more interested in talking about their projects. On the other hand, there is evidence for at least a couple of more clubs working with sustainability and during the writing process the emergence of the Football for the Goals-project now means every professional club in Norway needs to work with sustainability.

The richness and nuance of the findings indicate there is more data to collect concerning sustainability and as projects like Football for the Goals emerge, the perspective of the leaders on sustainability might change. One believes there is room for more research on the topic.

Innleiing

I midten av mars 2023 kom nyheita om at fotball-VM i 2026 vert den fyrste turneringa med 48 lag i staden for 32, 104 kampar i staden for 80 (FIFA, 2023). Fleire lag, kampar, spelarar, støtteapparat, tilskodarar og 10 ekstra dagar med VM (FIFA, 2023).

Ei dryg veke seinare kom del 2 av FN's klimarapportar.

Som hovudfunn varsla rapporten om omfattande klimaendringar som vil føre med seg heile spekteret av klimakatastrofar og ein usikker framtid for menneska på jorda.

Havstigning, flaum og hyppigare/kraftigare stormar var det eine ytterpunktet. Tørke, plantedaud og heitebylgjer det andre. I det heile: svært endra og destruktive føresetnader for liv som trugar mange artar (IPCC, 2022).

Klimarapportane sett spørsmålsteikn ved menneskas vidare liv på jorda (Abbass et al, 2022). I jakta på løysingar har berekraft igjen komt i fokus. Omgrepet vert ofte anerkjend med ei opprinning frå Verdskommisjonen for miljø og utvikling, leia av norske Gro Harlem Brundtland (Brundtland & Dahl, 1987, s.42).

Brundtland-kommisjonen definera berekraft som: *«bærekraftig utvikling er utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.»* (Brundtland & Dahl, 1987, s. 42).

Med vidareutviklinga til FN's berekraftsmål famnar måla mange element av samfunnsutviklinga og søker å kategorisera og definera utfordringane ein møter for å lettare agera på dei (FN, 2023).

Tusenårsmåla og FN's berekraftsmål har vore viktige som noko fleire store aktørar som land og bedrifter har einast rundt og vore med å utvikla (FN, 2023). Blant dei som har teke dei til seg og ynskjer å jobba med dei er idrettsorganisasjonane (NIF, 2023).

Idrett har ein sterk posisjon i det norske samfunnet og idrettsorganisasjonane er blant dei frivillige organisasjonane med flest medlemmar i landet (NIF, 2023). Idretten har dermed ein påverknad på resten av samfunnet. Idrettsforbundet har dei siste åra satt meir fokus på berekraft (NIF, 2023).

Også fotballklubbar må forhalde seg til presset frå omverda i høve til å arbeida med berekraft og delta i samfunnsutviklinga. I NIF, Norges Idrettsforbund, er Fotballforbundet den styrste

særorganisasjonen og fotball er den styrste idretten (Idrettsforbundet, 2022). Fotballens globale posisjon og status som heilårsidrett gjev fotballen ein unik posisjon i norsk idrett som ein eigen industri med enorm interesse både blant deltakarar og publikum. Dei siste to åra spesielt har berekraft og klimaendringar verkeleg nådd bevisstheita til folk og bedrifter, og er vorte noko ein kvar respektabel institusjon må ta stilling til (Hanstad et al, 2021, s. 11-22). Å finne innsikt i korleis dette temaet vert forstått og handtert i fotballen er difor eit perspektiv som er interessant og som eg tykkjer ein manglar informasjon om.

Denne oppgåva vil ta føre seg norsk fotball, med føremål om å få innsikt i klubbleiarar sitt perspektiv på berekraft i fotballen og klubben.

Gjennom eit kvalitativt design med intervju av eit utval daglege leiarar eller berekraftsansvarlege i klubbar har ein forsøkt å belysa problemstillinga og få innsikt i klubbleiaranes forståing og handlingar. Klubbleiarar vil i denne oppgåva vera dagleg leiar eller berekraftsansvarleg for dei klubbane som har den rolla.

Hovudproblemstilling for oppgåva er:

Kva er norske klubbleiarar sitt perspektiv på berekraft i fotballen og klubben?

Sentrale spørsmål innunder denne er blant anna:

- Har leiarar i norske fotballklubbar nokon tankar om berekraft?
- Er berekraft eit omgrep som er kjent for dei som jobbar i norske klubbar?
- Om klubbane jobbar med berekraft, korleis går dei fram?
- Kven styrer dette arbeidet; er det enkeltinitiativ eller satt i system?
- Er det faktorar utanfor klubben som påverkar arbeidet med berekraft i klubben?

Oppbygging av oppgåva:

Oppgåva gjev ein teoretisk bakgrunn, skildrar metodikken i datainnsamlinga og synar hovudfunna før ein drøftar funna og oppsummera oppgåva.

Teori

Bakgrunn

I denne teoridelen skal ein sjå på berekraft generelt, deretter berekraftsmåla, so innanfor idretten og deretter innanfor fotballen og klubbane.

Ein har vald å nytte databasane Oria og Google Scholar som primære søkjebasar for å finna tidlegare forskning på tematikken. Artikkane ein har funne er supplert med relevante lenkja artiklar og nyheitsartiklar som har dukka opp i løpet av skriveperioden. Nyheitsartiklar er nytta for å syne kva som skjer på området medan forskningsartiklar er nytta for å få fagleg innsikt på området.

Vidare har ein nytta litteratur som har dukka opp i søk, funne under studier eller ein er komt øve tilfeldig. Spesielt valfaget Idrett og bærekraft, som ein gjennomførte våren 2022, gav relevant innsikt og nye kjelder. Ein gjennomførte eit intervju via Zoom med forfattar av ei bok om berekraftig utvikling for å få djupare innsikt i tematikken.

Søkjeord i databasane har vore:

Bærekraft/berekraft/sustainability, Breivik, Loland, Arne Næss, idrett/sports, football/fotball/soccer, stadium, climate change, berekraftsmåla/bærekraftsmåla.

Kva er berekraft?

Berekraftsomgrepet er som nemnt tidlegare eit definert omgrep med si opprinning i den såkalla Brundtland-kommisjonen, ein kommisjon satt ned av FN for å sjå på miljøet og utviklinga i verda (Brundtland & Dahl, 1987). Etter rapporten vart berekraftsomgrepet meir kjent og det tok steget inn i den politiske sfæra. Med kommisjonens definisjon knytta ein saman miljø, sosiale høve og økonomi som gjensidig avhengige variablar og som parameter for å måla utvikling, og eit rammeverk for sunn utvikling på jorda. Kommisjonen makta å skape ein definisjon land kunne einast om, utreia om omgrepet og sette i gong prosessen med politisk handling (Holden & Linnerud, 2021, s. 22-24).

Slik definisjonen lyder er det lett å tenkje seg ein person som er stranda på ein aude øy og må overleve på ressursane der. Om personen hoggar ned alle trea eller et all maten med ein gong vil det vanskeleg å fortsetje tilværet der. Overforbruk er ein vesentleg faktor i omgrepet

berekraftig utvikling, men som ein skal sjå rommar omgrepet mykje meir (Brundtland & Dahl, 1987, s. 43). Sjølv om det i media gjerne er det miljømessige aspektet som vert lagt mest vekt på, presisera «Vår Felles Framtid» rett etter definisjonen av berekraftsomgrepet at det er «det å dekke behov, spesielt grunnbehovene til verdens fattige, som bør gis første prioritet» (Brundtland & Dahl, 1987, s.42). Det er difor viktig å hugse at omgrepet berekraft består av tre dimensjonar: miljø, økonomi og det sosiale (Hanstad et al, 2021, s.29). I teorien er alle likestilt og eit berekraftstiltak er ikkje reelt sett berekraftig om det går på akkord med dei andre måla .

Rapporten «On limiting growth» frå 1972 synte tidleg kalkuleringar om at utviklinga på kloden ikkje var berekraftig i lengda (Holden & Linnerud, 2021). Rapporten fekk ulike reaksjonar: enkelte tok den ikkje seriøst og såg den som skremselspropaganda, andre såg på det som ein alvorleg utvikling (Holden & Linnerud, 2021). I ettertid har det komt fram at nokon av bedriftane og organisasjonane som ynskja å diskreditera rapporten gjorde det av eigne marknadsomsyn, også sjølv om dei hadde eigen forskning som synte at forskninga stemte (Supran & Oreskes, 2017). Av eigeninteresse, hovudsakleg økonomisk, var det ikkje ideelt for dei om andre fekk vita om utviklinga (Supran & Oreskes, 2017). Brundtland-kommisjonens rapport måtte forsøkje å unngå same skjebne, samstundes som det òg var ein utfordring å skape ein definisjon som medlemslanda i FN kunne einast om. Det vart ein kritikk mot rapporten at den anbefalte lite konkrete tiltak, at den politikken som vart etablert med bakgrunn ikkje var rettsleg bindande og dermed ikkje vart gjennomført som tenkt, og at omgrepet vart nytta i so mange ulike kontekstar at det vart upresist og mista litt av sin opprinnelege meining (Hanstad et al, 2021, s. 23-32).

I moderne bruk av berekraftsomgrepet, til dømes i samband med berekraftsmåla, er ein tydeleg på at berekraft omhandlar tre ulike tema: miljø, økonomi og sosiale høve. Det er også hovudtematikkane i «Vår Felles Framtid» (Brundtland & Dahl, 1987, s. 42-45), men er ikkje like tydeleg skilt der, ettersom rapporten i større grad fokusera på omgrepet Berekraftig utvikling enn dei ulike bestanddelane. I etterkant av rapporten vart omgrepet vidare analysert og tydelegare delt opp i dei tre tematikkane og seinare Tusenårsmåla og FN's Berekraftsmål (Hanstad et al, 2021, s. 42).

FNs berekraftsmål



Foto: FNs berekraftsmål 2021.

Berekraftsmåla har teke for seg dei tre temaene i berekraftsomgrepet og delt dei opp i totalt 17 mål, underpunkt av tematikkane, med ytterlegare 169 delmål (FN, 2023). Måla vart utarbeida i samarbeid der land og enkeltpersonar fekk gje si meining og landa samarbeida om å utarbeide måla. Berekraftsmåla skal verke førebyggjande heller enn berre reparerende, som var ein kritikk mot tusenårsmåla som kom forut for berekraftsmåla (FN, 2023).

Måla og delmåla er meint å vera eit rammeverk og retningslinjar ein kan støtta seg på i utforminga av politikk og planverk for dei komande åra. Ein kan blant anna nytta berekraftsmåla til å evaluera eigen innsats i arbeidet mot å verte berekraftig. Det har Noreg tidlegare gjort på eigen hand (Regjeringen, 2021).

FN (2023) har også ein eigen oversikt utarbeida frå ein rapport frå Sachs et al (2022) som synar at Noreg gjer det bra på mange punkt, men har utfordringar med måla om svolt, ansvarleg forbruk og produksjon, stogge klimaendringar og livet på land (SDG, 2023).

Det har komt kritikk mot og om berekraftsmåla frå fleire og med ulike begrunningar, noko ein òg kjem meir tilbake til seinare i oppgåva.

Riksrevisjonen kom i 2020 med ein rapport der dei skriv at arbeidet med berekraftsmåla går for treigt, manglar samarbeid mellom dei relevante instansane, planverk manglar og rapporteringa undervegs har vore mangelfull (Riksrevisjonen, 2020). Dei meiner dei

instansane som har hatt ansvar har svikta og ikkje makta å forvalte ansvaret på ein god måte, nokon som har forstyrra framgangen med berekraftsarbeidet (Riksrevisjonen, 2020).

Måla omhandlar gjerne fleire av temattikkane so det er vanskeleg å skilje dei i reine miljømål eller økonomimål. Holden og Linnerud (2021, s. 44-51) deler dei heller inn i utviklingsmål (1-7), rettferdsmål (8-11), miljømål (12-15) og institusjonelle mål (16-17).

Utviklingsmåla (1-7) skal leggje til rette for ein positiv utvikling, spesielt for dei svakaste i samfunnet, ved å jobba med å hindra fattigdom og svolt. Ein må prioritera dei aller fattigaste, men også dei som er fattige vurdert opp mot medianinntekta i landet bør prioriterast. Alle skal ha tilgang til tilstrekkeleg og næringsrik mat, ha gode helsevilkår frå fødsel til død, motarbeida helseskadelege livsstilar, tilby utdanning og gjera det mogleg å ta høgare utdanning, sikre nok kompetanse og lærarkrefter, gje like moglegheiter, hindre diskriminering av jenter, sikre god og trygg vatnforsyning, rein energi og særleg fornybar, samt meir effektiv energibruk (Holden & Linnerud, 2021, s. 45-47).

Rettferdsmål (8-11): Ein skal sikra arbeid til flest mogleg, sikre arbeidshøva, utvikla og betre infrastrukturen i alle land, gje gode og trygge livshøve, skape nye løysingar, minske ulikheita innad og mellom land, gje inntektsauke til dei fattigaste og utjamne økonomiske skilnader. Ein skal ettergå finansmarknaden og sikre forsvarlege økonomiske system, leggje til rette for mobilitet og arbeid på tvers av landegrensene. Ein skal utvikla byar med tilstrekkeleg infrastruktur, gode livshøve og som kan dekkje basisbehova (Holden & Linnerud, 2021, s. 47-49).

Miljømål (12-15): Skal forlengje livsløpet på det som vert produsert, hindra dårleg utnytting av ressursar og overforbruk, formidla informasjon, setje krav til forsvarlege innkjøp, stogge klimaendringane, blant anna med multilaterale miljøavtalar og setje tak på temperaturendringa. Ein skal minimera havforurensing, verna og bevare viktige økosystem i vatn, på land, langs kyst og i havområder. Unngå overforbruk av ressursane, auka dei økonomiske fordelane for dei svakaste landa, hindre spreiding av framande artar i naturen, sikra truga artar og biologisk mangfald (Holden & Linnerud, 2021, s. 49-51).

Institusjonelle mål (16-17): Skal fremje samarbeid mellom ulike aktørar, fred og mindre kriminalitet, eit påliteleg rettsvesen, rettferdig fordela ressursar, fremje demokratiske prosessar og sikre enkeltindividets grunnleggjande fridom (Holden & Linnerud, 2021, s. 51).

Det er laga ein indeks som målar berekrafta i ulike land. Der finn ein Noreg plassert på ein 7. plass, plassert bak blant anna Sverige, Finland og Danmark. Noreg hev relativt høg måloppnåing på mange av dei sosiale berekraftsmåla, men på miljø- og klimamål er det stillstand og i enkelte tilfelle regresjon frå tidlegare målingar (SDR, 2021).

Det er positive tendensar for samfunnet og enkeltmenneskets rettar og moglegheiter innanfor det, men i eit klimaperspektiv er rapporten dyster lesing (SDR, 2021).

Noreg har samstundes stor effekt på andre land sine utslepp. Norsk olje som vert pumpa opp gjev ikkje veldig store utslag i klimareiknskapet for Noreg, men påverkar dei landa som kjøpar olja og nyttar den (Hanstad et al, 2021, s. 30-33). I tillegg til eksport av lite miljøvenlege ressursar, som olje, importerar ein mykje og har eit høgt forbruk, noko som òg påverkar i form av frakt- og produksjonsutslepp i andre land (Hanstad et al, 2021, s. 30-33).

Idrett

Brundtland skulle seinare hjelpa Noreg og Lillehammers søknad om å få Vinter-OL i 1994 ved å appellera til IOC om at dei norske leikane ville vera meir berekraftige enn nokon tidlegare leikar, både i ein samfunns-, sosialisering- og miljø-kontekst (Hanstad et al, 2021, s. 23-26).

Ambisjonen om dei grønne, berekraftige leikane vart likevel utfordra blant anna av at Statoil var hovudsponsor for arrangementet og at ein har funne delte konklusjonar rundt arrangementet og ettertida, med eit spesielt auge på forbruk, gjenbruk og vidare bruk (Hanstad et al, 2021, s. 23-26). IOC tykte gjevt om den grønne profilen leikane skulle ha, avgjersla om å følgje ein grøn profil var eit populært val i samtida, god PR og ikkje noko IOC naudvendigvis plikta å følgje opp (Hanstad et al, 2021, s. 23-26).

Fyrst i 2011 fann idrettsstyret det viktig å utreie ein miljøstrategi for dei vidare åra (Hanstad et al, 2021, s. 21-22). I tillegg til å setje krav til forbundets lokalar, freista ein ynskje om at idretten skulle organiserast på ein meir miljøvenleg måte med mindre transportbehov og i ein seinare strategi var det ein rekkje kulepunkt som ein ynskja at idretten skulle innrette seg etter (Hanstad et al, 2021, s. 21-23). Strategiane har følgeleg vore prega av høge ambisjonar, mangelfull oppfølging og sporadiske initiativ frå idrettslaga (Hanstad et al, 2021, s. 21-23).

Idrettsstyret i Noregs Idrettsforbund har den siste tida synt meir interesse for berekraftsomgrepet og har beslutta å arbeida spesielt med punkta: 3, 5, 10, 12 og 13 (Ingebrigtsen, 2021). Det er ny politikk frå idrettsforbundet so det fins ingen eksisterande praksis med grunnlag i berekraftsmåla å vurdere norsk idretts arbeidet utifrå (Ingebrigtsen, 2021).

I utanlandsk idrett er enkelte kartleggingar av berekraft innanfor idretten gjennomført (Goldblatt, 2020), men få studiar gjev innsikt i idrettsleiarane sitt perspektiv på temaet. Kva kunnskap dei har, kva erfaringar dei har, kva haldning dei har og kva som påverkar dei. Det er mange faktorar i og rundt deira rolle ein manglar innsikt i.

Gradvis har idretten byrja å ta tak i problemet som ligg føre ein. IOC har byrja å vurdere arrangementa sine i berekraftsaugemed og det same har det styrste særforbundet, fotballorganisasjonen FIFA (IOC, 2021) (FIFA, 2021). Dog er det framleis spørsmålsteikn ved om organisasjonane gjer dette av oppriktige årsakar, eller om dei berre ynskjer inntrykket av at dei gjer noko. Som teksten seinare skal syne hender det stadig at ein syner ein intensjon om å gjera ein ting, men i praksis gjer det motsette. Idrettens veg mot berekraftig verksemd verkar å vera humpete (IOC, 2021) (FIFA, 2021).

Fotball

Fotball har sidan dei moderne reglane vart etablert i 1863 markert seg som ein av dei styrste og mest populære idrettane i verda (Kuper & Szymanski, 2018). I Noreg er fotballforbundet det styrste forbundet i NIF, med over 270 000 spelarar i 2020 (Holm & Pedersen, 2023).

Talet er berre antall spelarar og tek ikkje føre seg alle som deltek på andre måtar, som trenarar, lagleiarar, føresette, tilskodarar eller andre. Ein veit at fotballhendingar jamnleg er dei mest sette hendingane på tv og at fotball som underhaldning har svært stor rekkjevidde, spesielt større hendingar som VM og cupfinalar (Wikipedia, 2023). Det er ein tendens blant idrettsorganisasjonar til å overdrive antallet sjåarar, men om ein justera tala til meir realistiske estimat er fotball framleis den mest populære idretten (Harris, 2007) (Van Reeth, 2016).

Oppgåva vil sjå på fotballen frå ein norsk ståstad, med dei begrensningane det medfører. Majoriteten av fotballen og utøvarane i Noreg spelar i breiddesystemet eller på aldersbestemte lag. Det er berre få promille som faktisk lever av å jobbe med fotball, som

spelarar eller i støtteapparat/administrasjon. Det er sistnemnte ein ynskjer å sjå nærare på, då det er sjølve fotballindustrien og dei styrste potensielle endringsaktørane. Ein har tatt med ein del artiklar om fotball i andre land der dei belysar tematikkar og sakar som det er lite norsk forskning på.

Det er dei ansatte i dei store fotballklubbane som har mest makt og pengar til å skape endring, samt best forutsetningar for å kunne prioritera ein berekraftig omstilling (om dei ynskjer det). Ein vil vidare under dele opp klubbanes verksemd i mindre tematikkar som vil få litt bakgrunnsstoff frå forskninga. Desse tematikkane anser ein som meningsfulle for oppgåvas bakgrunn og som relevant tematikk i intervjuet. Fyrst litt om fotballorganisasjonane.

- Fotballorganisasjonane

Dei internasjonale fotballorganisasjonane, med hovudorganisasjonen FIFA og det europeiske forbundet UEFA, i spissen har blant anna signert Sports for Climate Action Framework, ein avtale satt i stand av FN for å nå 1,5 gradersmålet i Paris-avtalen (FIFA, 2018).

Fotball er ein idrett med lange reiseavstandar, hyppig bruk av fly og med store supporterskarar som dreg alle stader laget speler. Utslepp frå transport og reiser er difor betydelege i fotballen. I perioden sidan avtalen vart signert i 2016 har FIFA med sine kontinentale underorganisasjonar utvida eller er i ferd med å utvida sine internasjonale turneringar med totalt 85 fleire lag samt introdusert to nye turneringar i Nations League og klubbturneringa UEFA Conference League (Rothstein, 2021, s. 126-130).

I 2021 lanserte FIFA sin eigen klimastrategi (FIFA, 2021), i 2023 utvida dei endå ein turnering når VM 2026 vart utvida til 48 lag (FIFA, 2023).

- Supporterarar og arrangement

Fotball tiltrekker tusenvis av supporterarar som fylgjer laga sine og likeins som laget dreg dei gjerne lange strekningar for å fylgje med. Loewen og Wicker fann i ein studie av tyske fotballsupporterarar at nesten 20 % av supportarane identifiserte seg som reisande supporterarar som fylgde laget også på bortekampar (Loewen & Wicker, 2021).

Loewen og Wicker fann at reisinga til og frå kampar (heime og borte) blant dei tyske supportarane etterlet nesten 370 000 tonn CO₂-e (alle drivhusgassutslepp til saman), øve 300 kg per person og der øve 2/3 av reisa føregjekk med bil (Loewen & Wicker, 2021).

Ein studie av arrangementansvarlege på stadionar i europeisk toppfotball synte at dei arrangementansvarlege tek berekraftige initiativ på frivillig basis eller under press frå lokale aktørar. Det vert sjeldan teke initiativ om tiltaka ikkje kan syne seg som økonomisk gunstige eller ressurseffektive (Daddi et al, 2021).

Tiltak som gjev økonomiske fordelar eller ressurs sparing (som òg gjerne er økonomiske gunstige) har difor større sjanse for å verte iverksett av dei arrangementansvarlege. Det er tilsynelatande sjeldan at tiltak vert gjennomført på bakgrunn av berekraftsomsyn dersom til dømes økonomiske faktorar spelar mot det (Daddi et al, 2021).

Samstundes finn Kellison & Hung (2015) at idrettslag som vel berekraftige stadionløyningar og design hovudsakleg ser på kostnaden øve anleggets levetid (om idrettslaget er tent med å velje den berekraftige løysinga økonomisk sett) og ein idé om idrettslagets visjonære natur (Kellison & Hong, 2015).

Om berekraftige løysingar er dyrare kan det hende at eigarar og idrettslag vil vera tilbakehaldne med å velje den berekraftige løysinga. At byggenæringa kan tilby berekraftige løysingar til ein konkurransedyktig pris kan difor potensielt vera eit avgjerande element i planleggings- og byggjeprosessen av mange idrettsanlegg. Det må lønna seg å vera berekraftig skal klubbane prioritera det.

Det er satt strengare krav til byggeprosessen og stadions berekraftigheit, både gjennom strengare formelle krav og belønningsinsentiv i form av ulike miljøsertifiseringar. Det gjev ein viss miljøstandard i nye bygg og gjev ein viss belønning til dei som gjer ekstra mykje for å byggja berekraftig. Kellison & Hung (2015) fann samstundes at beslutningstakarane i prosjektprosessen opplever aukande press utanfrå, frå blant anna media, miljøorganisasjonar og sivilbefolkninga. Det var usikkerheit rundt om det var positivt eller negativt (Kellison & Hong, 2015).

- Klubb

Reiche (2014) skriv om tysk Bundesliga og dei sosiale initiativa som vert gjort innanfor fotballen der, fleire tiltak er også miljøvenlege. Reiche finn at dei tyske klubbane har satt i gong fleire initiativ, blant anna solceller, felles stadion- og kollektiv transport-billett, nyttar fornybar energi og kjøpar klimakvotar for å kunne operera meir miljøvenleg og ta sosialt ansvar. Blant klubbane er Mainz, som fekk rekna ut sitt karbonavtrykk for å kunne kompensera for det med å investera i eit berekraftig miljøprosjekt (Reiche, 2014).

Elles finn studien at Werder Bremen er spesielt dyktige med sine sosiale prosjekt, både i form av ressursar i form av midlar og ansatte, men òg i transparens og det geografisk omfanget av prosjekta (Reiche, 2014). Werder Bremen er samstundes aktive i å promotere berekraftige løysingar, i eit forsøk på å endre folks verdiar og livsstil. Weserstadion ligg rett ved Weser-elva, som utsetjer stadion for flaumfare med klimaendringane, so klubben er ekstra interessert i å forsøkje å påverke lokalt og regionalt til miljøbevisstheit (Reiche, 2014).

Reiche bemerkar at Bundesliga er attraktiv for fornybare selskap og at alle 18 klubbane i 2014-sesongen hadde avtalar med minst eit berekraftig energiselskap. I Premier League var talet til samanlikning 1 klubb. Fleire tyske klubbar har òg stadionnamn som er sponsa av berekraftige energiselskap (Reiche, 2014).

Etter kvart har andre fotball-ligaer byrja med eigne berekraftsinitiativ. Den engelske ligaen har lansert «Grøn klubb»-programmet som skal følgje opp og støtta klubbar i deira berekraftsarbeid. Klubbane hjelpast med å omstilla til meir berekraftig drift (EFL, 2021).

I Noreg starta ein i 2022 opp Football for the Goals-prosjektet på oppdrag frå FN og UEFA, som eit pilotprosjekt (FN, 2022). Ein rekkje norske fotball- og media-aktørar deltek i piloten og siktar på å nå berekraftsmål. Prosjektet skal nytta fotballen som ein positiv samfunnsaktør for å påverka klubbar og store aktørar til berekraft og betring av menneskerettane (FN, 2022). Prosjektet framhevar fotballen som den styrste idretten i verda og soleis den med mest påverknadskraft (Granaasen, 2022). Initiativet gjev fotballen ein moglegheit til å vera i framkant av samfunnsutviklinga. Mindre bruk av forurensande materiale er blant måla (Granaasen, 2022). Som del av prosjektet vil klubbane i dei to øvste divisjonane få berekraftsmål dei skal jobba etter. Det vil utarbeidast vegleiarar som også andre klubbar i Noreg kan nytte seg av for å starte berekraftsarbeid i eigen klubb (Granaasen, 2022). Prosjektet kjem i ein periode der norsk fotball har komt i gong med fleire

berekraftsprosjekt (Johnsen, 2021). Eit viktig punkt i prosjektet er at ein skal erstatta gummigranulat på kunstgrasbanane innan 2030 (Granaasen, 2022)

Det er i tråd med eit nytt EU-direktiv som krev endring frå gummigranulat som innfyll i kunstgrasbanane til andre formar for innfyll (Folvik & Schjesvold, 2023). Innfyll er ein masse som ligg mellom dei kunstige grastråa for å gje demping og gjera bana mjukare å bevega seg på. Direktivet har møtt delte meiningar: nokon tykkjer det er bra og vil gje ein positiv miljøutvikling ettersom gummigranulat er ein stor kjelde til mikroplastutslepp i naturen (Folvik & Schjesvold, 2023). Andre tykkjer myndigheitene og andre skyv ansvaret vekk frå seg sjølv og over på klubbane (Folvik & Schjesvold, 2023).

NFF har, berre eit år etter at dei i Football for the Goals-prosjektet skulle erstatta gummigranulat, bedt om hjelp med å utsetja fristen (Haavik, 2023). Utfordringa er mangel på gode granulatalternativ som passar norsk fotball (Haavik, 2023). Det har vore mange negative tilbakemeldingar på dei alternativa ein har forsøkt og arbeidet med å finna gode alternativ har vore utfordrande, på fleire måtar, blant anna med personalkonfliktar (Johnsen, 2021).

- Fotball og miljø.

Dei tre tematikkane innanfor berekraftsomgrepet (økonomi, miljø og sosiale høve) kan vera vanskelege å foreine. Innanfor fotballen er organisasjonane og klubbane utfordra på å auke dei økonomiske føresetnadene for å kunne auke dei sosiale høva, moglegheita til å driva med sjølve idretten, men dei siste åra har ein sett at dette kan føra til utfordringar med miljø-aspektet, t.d. utfordringa med å dekkje banebehovet dersom ein ikkje kan nyta kunstgrasbaner med gummigranulat (KUD, 2015, s. 9). Fotballen kan difor ha ein utfordring framøve med å ta større miljøomsyn samstundes som ein styrkar fotballens økonomiske og sosiale høve.

Dersom verdstemperaturen aukar vert vêret meir ustabilt, det vert meir ekstremvêr og uforutsette hendingar (Goldblatt, 2020). Fotballen vil verte råka. Carlisle's heimebane vart overflauma i 7 veker i 2015 og ellers i England er 23 stadionar truga av moglegheita for flaum og om dagens utvikling fortsetjer vil flaum verte ein årleg hending for desse klubbane (Goldblatt, 2020).

Også i Tyskland og Frankrike hev nokon stadionar same trugsmål (Goldblatt, 2020).

Nederland og Danmark kan møte store utfordringar om havnivået stiger eller flaumar kjem

oftare eller i større omfang. Også i Noreg er det utfordringar: på Voss vart fotballbanene overflauma og totalskadd to gongar på 8 år (Carlsen, 2022). Mens nokre idrettsanlegg vert truga av vatn i form av flaum og stigningar i havnivået, vil andre møte turke, vind, snø og andre vêrfenomen i ekstrem skala (Goldblatt, 2020). Klimaendringar kan dermed føra med seg store ekstrakostnadar for idrettslaga (Rothstein, 2021, s. 126-130).

Fotballen har ein rekkje såkalla «høgutsleppssponsorar». Tenkjetanken New Weather Institute Think Tank har definert 57 slike sponsorar innan fotballen deriblant gassgiganten Gazprom som sponsar fleire klubbar, deriblant Schalke 04 og Meisterligaen, den styrste klubbturneringa (Rothstein 2021, s. 126-130).

Når FIFA lagar klimarapportar og skryt av arbeidet sitt med å gjera VM klimanøytralt (FIFA, 2023) er det for enkelte underleg at dei samstundes vel å utvida turneringar med fleire lag og dermed fleire kampar, noko som blant anna gjev fleire reisar for spelarar og supportarar, som er den styrste utsleppskategorien ifølgje FIFA sjølv (FIFA, 2023).

At 18 % av utsleppa kjem frå å byggje anlegga er problematisk når både VM i Brasil og Qatar har bygd enkelte overdimensjonerte eller lite naudsynte stadionanlegg (FIFA, 2023).

Valet om å halde VM i Qatar, eit land med verken dei klimatiske høva, fotballinteressa eller behovet var for enkelte eit nytt feilsteg og når Qatar sjølv hevda å halde eit karbonnøytralt VM møtte det liten tiltru (Lien, 2022). Det kan verka underleg at nordmenn opplever skam øve å reisa med fly til Syden medan det er brei aksept for at supportarar kan reisa å sjå laget sitt i England fleire gongar gjennom sesongen og at forbund, og klubbar legg til rette for endå fleire kampar og reising. Det aukar klimaavtrykket for aktiviteten og om auka aktivitet skal finansierast av medlemmane vil det utfordre dei sosio-økonomiske høva til medlemmane, noko som er blitt ein stor debattsak rundt norsk fotball (Jacobsen, 2022).

NFF fann sjølv ein trend mot at treningsavgiftene auka (NFF, 2017). NFF ser ein kostnadsauke også blant klubbane og åtvarar om at klubbane må sørgje for at økonomien er berekraftig (Skjønberg, 2023).

Samstundes finn ein enkelte positive punkt. BBC og Sport Positive Summit har utarbeida ein miljømessig berekraftstabell for Premier League (Sport Positive, 2023). Sjølv om den syner at dei fleste klubbane har forbettringspotensiale er det òg ein del klubbar som gjer ein god jobb og ein ser ein tendens mot at dei styrste og rikaste klubbane er dei som er best på berekraftsarbeid (Sport Positive, 2023).

- Teoriar

Gunnar Breivik har tidlegare teke utgangspunkt i Arne Næss sine tankar om ein økologisk måte å driva med sport, der ein beheld sportens eigenverdi, men har redusert klimaavtrykket til eit meir berekraftig nivå (Breivik, 2019).

Arne Næss gjev kritikk til Brundtland-kommisjonen sitt arbeid i form av si forståing av økologi som eit menneskeleg fenomen. Næss meiner at Brundtland-kommisjonen si forståing av økologi og berekraft berre tek omsyn frå eit menneskeleg perspektiv og rasjonalisera at økologiske omsyn må takast med omsyn til menneska og til gode for menneska. Slik sett vil dei økologiske tiltaka vera dei som gjev betre høve for menneska. Næss argumentera dette synet som snevert og talar om ein *djup økologi*, der ein tek økologiske omsyn av omsyn til alle organismar og livsformer, ikkje berre menneska. Næss tillegg alle livsformer eigenverdi, ikkje berre dei som er av nytte til menneska (Breivik, 2019).

Planetens tolegrenser er ulike område av menneskeskapte klimaendringar og ein vitenskapleg vurdering ut frå forskning om kor mykje planeten toler før ein skapar total katastrofe (Hanstad et al, 2021, s. 34-35). Ein har definert sluttverdiar, men òg grenseverdiar på vegen mot sluttverdien. Planetens tolegrensar er dog ikkje so mykje ein teori som eit fagleg omgrep om visse statistiske punkt i målingane som er signifikante, altså verdiar av ekstra viktighet (Hanstad et al, 2021, s. 34-35). Målet med planetens tolegrenser vil vera å unngå planetens tolegrensar ved å stagge og snu klimaendringane (Hanstad et al, 2021, s. 34-35).

Økologisk modernisering er ein teori som ser på korleis samfunnet kan endra seg for å motverke klimaendringar. Eit formål er betre samhandling mellom den økonomiske, miljø og sosiale dimensjonen av samfunnet (Hanstad et al, 2021, s. 35-38).

Teorien fremjar ulike perspektiv rundt kva som skal vera drivkrafta i samfunnet for å oppnå miljømål. Skal staten ta initiativ og setje krav? Skal organisasjonane sjølv gjera det? Kan teknologien koma for å løysa det? Kan det skje organisk? Må ein oppgje noko for å sikre berekraftige samfunn eller kan ein fortsetje med vekst i alle sektorar? (Hanstad et al, 2021, s. 35-38).

Eit hovudmål er at det skal lønne seg å gjera klimatiltak og forsøkje å styre samfunnet på ein berekraftig måte. Inneforstått er det då ein god og effektiv samhandling mellom økonomien, miljøet og dei sosiale element, med mål om eit betre samfunn (Hanstad et al, 2021, s. 35-38).

Ein utfordring denne teorien møtar er det såkalla Jevons paradoks: Eit kvart teknologisk framsteg som forbetrar utnytting av naturressursar vil ofte auke forbruket snarare enn å redusera det (Hanstad et al, 2021, s. 37). Ein kan til dømes tenkja seg at meir drivstoffeffektive bilar vil gjera det billigare å halda seg med bil, noko som kan oppmuntra fleire til å få seg bil. Betre teknologi kan dermed gjera det enklare å forureine (Hanstad et al, 2021, s. 37).

Metode

Målet for denne oppgåva er å forsøkje å belysa klubbleiarar i norsk fotball sitt perspektiv på berekraft i fotballen og klubbane. Ein har valt å skaffe data ved å nytta kvalitativ metode og videointervju i denne prosessen.

Denne delen synar korleis ein har gått fram for å erverva data, frå intervjuguide til utval, gjennomførte intervju og til transkribering og tematisk analyse. Det er ynskeleg med meir forskning på tematikken, difor anser ein det som viktig å redegjera grundig for korleis ein har gått fram for å skaffe data og korleis ein har behandla dei data ein har fått. Ein oppmodar andre til å gjenta studien eller laga liknande studiar so ein kan få meir innsikt på området.

Kvalitativ metode

Ein har valt kvalitativ metode med datainnsamling i form av intervju som metodisk tilnærming for å søkje svar på problemstillinga. Ein ynskja opprinneleg ei problemstilling og oppgåve med både kvalitativ og kvantitativ metode for å forsøkje å finne svar på kva daglege leiarar tykte om berekraft og få talmateriale på kva klubbane gjor utifrå berekraftsomsyn. Utfordringa var at alle klubbar gjer noko som passar med berekraftsmåla, so det viktigaste spørsmålet var om dette var bevisst eller tilfeldig heller enn å telje opp tiltak eller anna. Tiltak vil jo også ha ulik effekt so å berre telje tiltak gjev ikkje meining og det ville vore ekstra krevjande om ein skal vurdera effekten av kvart enkelt tiltak. Om klubbleiarane var interessert i og aktivt jobba med berekraft vart meir interessant enn kor mykje klubbane gjor.

Det vart difor beslutta å velje berre kvalitativ metode då hovudmålet vart å få innsikt i daglege leiarar sitt perspektiv på berekraft og arbeidet med berekraft i klubben.

Kvalitativ metode er ein metodikk innanfor forskninga som fokusera på å få innsikt i ein tematikk, der blant anna intervju og observasjon er blant dei føretrakne metodane for datainnsamling (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 20). Eit hovudfokus i kvalitativ metode er å få fram intervjupersonen sitt perspektiv på verda og ein forsøker å få fram kva erfaringar som ligg til grunn for perspektivet deira (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 20).

Ein valde til slutt kvalitativ metode for dette prosjektet ettersom det var betre eigna til å gje dei data ein var mest interessert i å vita noko om. Medan kvantitativ metode kan gje tydelegare tendensar som følgje av eit større datautval som vil gje større og breiare konsensus rundt dei merkbare tendensane i datautvalet kan kvalitativ metode gjerne gje mindre tydelege tendensar, men meir spesifikke forklaringar på tilsynelatande konflikhtar i datamaterialet. Det kan ve vanskelegare å sjå samanhengar og dra fullverdige konklusjonar, men medan kvantitativ metode gjerne kan gje klarare svar, vil den ikkje alltid kunne sei noko om vegen til svaret og dei djupare samhengane i subjekta som kvalitativ metode kan peike mot (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 20-21). Om klubbleiarane eller klubbane har berekraftsprosjekt var det meir interessant kvifor enn i kva omfang. I kvantitativ metode ville ein gjerne vore meir prega av førehandslagte hypotesar som vert testa utifrå store datainnsamlingar mens med kvalitativ metode fekk ein større rom for empiri der ein forsøker å oppdage og forstå fenomen gjennom interaksjon og samhandling (Tjora, 2021, s. 27).

Kvalitativ metode var difor meir eigna til å gje ein djupare innsikt i tematikken. Eit nyansert blikk kan sei at kvantitativ metode gjev klåre, kalde fakta, medan kvalitativ metode gjev menneskas eigenart; meiningar og erfaringar (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 20-21). For denne oppgåva var det sistnemnte som var viktigast å få tak på.

Det vart dermed konkludert med at kvalitativ metode var mest formålstenleg for å få innsikt og interessante data rundt problemstillinga. Det ville gje rom for å forstå den enkelte persons bakgrunn, erfaring og tankar i langt større grad enn med kvantitativ metode. Samstundes vil ein få fram nyansane, usikkerheita og den potensielle konflikten mellom personens ynskjer og klubbens ynskjer, som er ein situasjon med interessante dilemma.

Utval

For å belysa problemstillinga best mogleg vurderte ein daglege leiarar best informert, med mindre det var eigne ansatte med ansvar for berekraft. Ein vurderte det som at daglege leiarar truleg er den ansatte med best overblikk over kva tiltak og prosessar som skjer i klubben.

I utgangspunktet ynskja ein relativt strenge inklusjonskriterier med blant anna krav om ein viss ansiennitet i klubben øve 3 år for å få intervju personar med inngåande kjennskap til klubben. I praksis var det vanskeleg å få tak i nok informantar med dei krava, so ein måtte etter kvart gå vekk frå inklusjonskriteria og nøye seg med dei som ville stilla av personar som var daglege leiarar eller berekraftsansvarlege i profesjonelle fotballklubbar i dei to øvste divisjonane på herre- og kvinnesida.

Det kom tidleg fram i prosessen med å sankta intervjukandidatar at enkelte klubbar har eigne ansatte med ansvar for berekraft. I dei klubbane det var tilfelle var det naturleg å prioritera å intervju dei i staden. Fire av seks intervju var gjennomført med daglege leiarar, to av intervju var med berekraftsansvarlege.

Rekrutteringsprosessen starta sommaren 2022. Ein opplevde utfordringar med å få tak i kandidatar. Blant dei ein fekk tilbakemelding frå var fleire på ferie og utsette difor førespurnaden. Ein opplevde at førespurnaden ikkje vart teken opp att og nytta difor tid på å purre på kandidatane i august og september. Ein fekk i denne perioden fleire positive svar, men vidare utfordringar med å finne passande datoar for intervju.

Perioden med manglande respons førte til at ein måtte leita breiare og inklusjonskriteriet om ein viss ansiennitet måtte vika for at ein skulle få nok kandidatar. Det førte til at enkelte av intervjupersonane hadde mindre erfaring i jobben enn ynskeleg. Det gav likevel ingen større utfordringar i intervjuet forutan at dei ikkje kunne fortelje mykje om det som har skjedd i klubben tidlegare. Personane var kompetente og kunne også nytta tidlegare erfaringar frå andre jobbar der det var relevant.

Ein har undervegs undra seg over kva som gjer at folk stillar til intervju eller ikkje stillar opp. Om dei som stillar til intervju gjer det for å skryta av eigen klubb og dei som ikkje gjer det skjemst av eigen klubb eller følar dei ikkje har noko å sei, so kan det ve problematisk, for utvalet kan verte lite representativt for den reelle situasjonen i Noreg. Som ei kvalitativ

oppgåve med få intervjupersonar kan oppgåva uansett ikkje generaliserast eller sei noko om status andre stader, men det kan ve eit tankekors likevel.

Anonymisering

I Noreg er det berre eit fåtals klubbar som er profesjonelle og difor er det relativt få som har rolla dagleg leiar i ein fotballklubb og endå færre som har rolla som berekraftsansvarleg. Det har difor vore naudsynt å anonymisera nøysamt for å unngå å gje opplysningar som kan identifisera dei intervjua. Ein har aldri omtalt intervjupersonane ved namn, verken i oppgåva eller råmaterialet, og dei har fått eit randomisert namn i staden vald tilfeldig frå Statistisk Sentralbyrå sine topp 10 namn for året (Thagaard, 2019, s. 205-206). Ein har vald å ta med få opplysningar om bakgrunnen til intervjupersonane og presentera det samla for å gjera det vanskelegare å identifisera dei. Målet har vore at intervjupersonane kunne tala fritt utan å tenkje på moglege konsekvensar (Thagaard, 2019, s. 24-26).

Den einaste personopplysninga ein finn i oppgåva er kva jobbrolle vedkomande har, noko som òg kjem fram av sjølve problemstillinga. Alle intervjupersonane er omtala som daglege leiarar, sjølv om enkelte av kandidatane hadde jobbrolla Berekraftsansvarleg. Dei daglege leiarane var dermed sikra full anonymitet, ein fulgte forskningsetiske retningslinjar i gjennomføringa av prosjektet og søknad er sendt og innvilga av NSD. Skjema om informert samtykke vart sendt ut og signert av alle deltakarane, noko som er viktig for at intervjupersonane skal vera trygge på om dei ynskjar å vera med (Thagaard, 2019, s. 22-24).
(Vedlegg 2)

Hermeneutikk

Ein har gjort hermeneutiske vurderingar opp mot enkelte ord, der det synast sannsynleg at det kan vera ulike tolkningar mellom forskar og intervjupersonar. Det har difor vore viktig å leggje fram sin eigen fortolkning so ein ikkje dreg slutningar på feil premiss. Forskar har forsøkt å klargjera for sin tolkning i oppgåva, medan intervjupersonane har fått høve til å svara for sin fortolkning gjennom spørsmåla i intervjuet.

Kva er hermeneutikk?

Hermeneutikken tek utgangspunkt i menneskas empatiske evnar og moglegheit til å forstå subjektet som eit anna menneske (Thurén, 2021, s. 104-105). Det er ulike definisjonar av hermeneutikk, men omgrepet siktar til ein prosess som går ut på å tolka og forstå visse data so nøyaktig og presist som mogleg (Widerberg, 2005, s. 24-25). Ein ser korleis tolkningane endrar seg når ein får tilgang på ny informasjon (data), og ein vekslar mellom å sjå på heilheita og enkeltdelane (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 236-238). Det er viktige føresetnader ein må vera bevisst på i den hermeneutiske prosessen: ein tek alltid med seg ein forforståing inn i prosessen med å studera data, ein idé om kva ein vil finna om fenomenet, ein er avhengig av å sjå konteksten eller samanhangen for å finna meining og intensjon i dataene, heilheit og enkeltdelar er avhengig av kvarandre og akkurat som ein har ein forforståing tek ein også med seg forventningar og forutfatta meiningar inn i studiet av dataene (Widerberg, 2005, s. 24).

Når ein nyttar hermeneutikk vert omgrepet «den hermeneutiske spiral» gjerne nytta (Hjerm & Lindgren, 2011, s. 89-90). Omgrepet siktar til prosessen med å utfordra eksisterande kunnskap med nye erfaringar for å endra perspektiv eller få med nyanser i etablerte sanningar eller påstandar (Hjerm & Lindgren, 2011, s. 89-90). Materialet vert gjennomgått, ny kunnskap kjem til, ein adaptera og går gjennom materialet på nytt for å finne meir ny kunnskap. Prosessen kan samanliknast med å måle eit hus. På det fyrste laget får ein tatt det grovaste og mest markante, den store skilnaden/endinga i sånn ein erfarte veggen. Dei vidare strøka finmålar og legg til, tek tak i detaljane, inntil ein har endra det som var til noko nytt, funne dei tinga ein gjekk glipp av.

Spiralen sluttar når ein har nådd eit nivå der meiningsinnhaldet ikkje har logiske bristar eller uklarheit (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 237). Ein kan søkje å forstå og samanlikne dataenes enkeltdelar opp mot heilheita eller anna stoff av lik art, men òg sjå korleis teksten behandlar tematikken og finne samanhangar og eventuelle uklarheit (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 237).

Ein har forsøkt å sjå på eigne forståingar av dei sentrale omgrepa og vore bevisst på dei i arbeidet med intervjuguiden og gjennomføringa av intervju. Deretter har ein undersøkt dataene for å finna omgrep og utsagn ein må gjennomgå for å finna essensen i det som vert sagt.

Dei sentrale omgrepa som ein har sett hermeneutisk på i denne oppgåva, for å vurdere og leggje fram eigen tolkning, er:

Berekraft og fotball.

Eigen forståing av omgrepet berekraft har hovudsakleg fokusert på miljøaspektet, deretter det sosiale og til sist det økonomiske. Ein har vore påverka av FN's berekraftsmål og ser på mål nr. 13: Å stogge klimaendringane som det viktigaste innanfor berekraftsarbeid. Rapportar om klimaendringane som til dømes dei siste rapportane frå IPCC (2022) har forma eit syn på at det er ein ekstremt viktig sak som må gjerast noko med snarast og med større tyngde enn tidlegare.

Eigen forståing av fotball er samansett med eit positivt blikk for fotballens grunnessens, sjølv spelet, delte meiningar om fotballens sosiale påverknad og kommersielle utnytting og eit negativt syn på fotballens styringsorgan og berekraftspåverknad. Ein har ei kjensle av at fotballen konstant er truga av aktørar som er interessert i å tena noko på fotballen heller enn å nytta den for sin eigenverdi.

Ein har vore bevisst eigen forståing i utarbeidinga av intervjuguiden og gjennomføringa av intervju. I intervjuguiden har ein forsøkt å halde spørsmåla opne og ikkje lade dei med meining for å unngå å leia intervjuobjekt til å svara i tråd med spørsmålets positive eller negative ladning. Ein har prøvd å gjera presiseringar både i spørsmåla og undervegs for å unngå at omgrep får for stor meiningsbering eller usikker tolking hjå intervjupersonen samt avklara detaljar i deira forståing av fenomen, til dømes få fram nøyaktig kva som er deira forståing av «klubben», eit omgrep som kan ha ulik betydning for kvar enkelt. Ved å vera bevisst eigen inngang til prosessen og handlingsrommet ein gjev vil det vera enklare å fortolka det som hender (Thagaard, 2019, s. 38-39).

Eigen forståing av fotball har ikkje møtt nokon utfordringar i intervjuprosessen, ingen av svara har engasjert kjenslene i særskilt grad og ein har ikkje vore spesielt ueinig i kva klubbane har føretatt seg. Ved forståinga av berekraft såg ein for seg større utfordringar og kjenslereaksjonar basert på forforståinga av at fotballklubbar ikkje tek berekraftsinitiativ og at klubleiarar difor (antakelegvis) ikkje brydde seg. Forventninga vart broten ettersom mange visste større innsikt enn ein såg for seg og viste ein interesse som samsvarer relativt mykje med eigen forforståing. Ein har difor fått avklart dei utfordringane ein såg for seg skulle dukka opp.

Intervju

Gjennom intervju ynskja ein å få fram intervjupersonens sitt syn på verda og deira forståing av den røynda dei lev i (Brinkmann & Kvåle, 2018). For å kome nærare sanninga i subjektet og samtalen har ein vore bevisst sin eigen forforståing; sin eigen forståing og tankar rundt temaet, på førehand (Brinkmann & Kvåle, 2018, s. 160). I samtalen har ein forsøkt å studera og undersøkje kva omgjevnader som innkapslar intervjupersonen og formar deira meiningar, handlingar og beretningar (eller kva som hindrar dei i å dela dei) (Brinkmann & Kvåle, 2018). Omgjevnadane kan vera jobbsituasjon, familiesituasjon, eigen situasjon, samfunnets moglegheiter og avgrensingar (t.d. ytringsfriheit) og intervjusamtalens openheit blant anna (Brinkmann & Kvåle, 2018). I denne oppgåva er det jobbsituasjon som kan ve utfordrande ettersom ein kan anta at intervjupersonane vil ha jobbloyalitet som gjer det vanskeleg for dei å kritisera klubben som har hyra dei. Utfordringa er forsøkt løyst ved å gje intervjupersonane anonymitet, noko som gjer at dei fritt kan skildra jobben og klubben sin utan å verte identifisert og risikera reprimandar eller arbeidsløyse (Thagaard, 2019, s. 204-210).

Det har vore viktig å søkje å forstå kva som påverkar intervjupersonen sin kunnskap og meiningar, samstundes er det ein viktig erkjenning at det i intervjusamtalen vil ve eit samspel i å produsera og få fram kunnskap gjennom samtale (Brinkmann & Kvåle, 2018). Intervjuet skil seg vesentleg frå andre samtaleformar i form av at intervjuaren har makt øve tema og retning i samtalen, mens intervjupersonen lyt følgje intervjuets retning og er den som delar av eigne tankar og erfaringar (Brinkmann & Kvåle, 2018).

Intervjuar lyt erkjenne sin intervjustil som ein vesentleg påverkande faktor for intervjuets retning og intervjupersonens svar og tilpassheit. Ein har i intervjua forsøkt å vera relativt passiv og ha eit nøytralt språk og kroppsspråk for å gje intervjupersonen rom for å sei eigne meiningar utan kjensleladde reaksjonar frå meg som intervjuar (Brinkmann & Kvåle, 2018, s. 119-122). Ein har tenkt øve kva informasjon ein vil gje intervjupersonen via kroppsspråket. Ein har difor unngått å gje negative reaksjonar, spesielt gjennom andletet, i situasjonar der ein elles ville gjort det. Ein har nikka og smilt vagt med formål å oppmoda intervjupersonen til å fortelje grundig og utdjupande på kvart spørsmål. Ein har forsøkt å gje intervjupersonen trygghet i interaksjonen gjennom å anerkjenne kva hen seier ved å syna interesse gjennom

kroppsspråket. I språk har ein heldt seg tett opptil intervjuguiden og berre nytta eigne ord for å oppmoda til vidare utreiing av enkelte tematikkar.

Intervjuar må vurdere i kva grad ein skal spørje og granske, be om utdjuping, følgje opp og utgje eigne meiningar rundt tematikken (Brinkmann & Kvale, 2018). Ein var nøye med å berre gje tilleggsspørsmål dersom ein følte svaret var mangelfullt eller at intervjupersonen hadde god kompetanse og meir hen kunne sei om temaet.

Intervjuguide

(Sjå vedlegg 2)

Intervjua vart gjennomført med ein semi-strukturell intervjuguide, som gav anledning til å følgja opp intervjuguidens fastsette spørsmål med oppfølgjingsspørsmål og for å få rom til å følgje enkelte spørsmål djupare der det kunne syna seg at intervjupersonane hadde spesielt mykje å sei om eit spesielt tema eller hadde usedvanleg god innsikt på området (Thagaard, 2019, s. 90-96).

Med den semi-strukturelle stilen vart det samstundes mogleg å endra rekkjefølga på spørsmåla so dei betre passa med korleis samtalen utvikla seg snarare enn å måtte bryta opp frå eit tema eller nytta tid på tematikk som ein følte var svart på. Det gjor samtalen meir effektiv, noko som er naudsynt for eit omfattande tema. Ein vurderte det som at den relative friheita stilen tilbyr gav betre høve for djupe og informative intervju og intervjupersonar som gav grundigare svar.

Intervjuguiden vart utarbeida slik at den fekk hovudspørsmål som ein ynskja å stilla i løpet av intervjuet, samt oppfølgjingsspørsmål ein kunne vurdere å stille innan same tematikk. Det kan minna om «tre med greiner»-modellen til Rubin & Rubin der ein har ein hovudtematikk med underspørsmål (2012, s. 123-125).

Til dømes:

Kva er det som påverkar om dikka har gjort berekraftstiltak eller ikkje?

Med oppfølgjingsspørsmål:

- Kva hindringar ligg i vegen for å vera berekraftige?

Ein har forsøkt å unngå leiande spørsmål då det kan gje retning på svara og gjera det vanskelegare for intervjupersonen å svara det dei eigentleg meiner eller gje ein forventning om at dei gjev eit visst svar (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 201-203). Difor har det også vore viktig å tilpassa spørsmåla til konteksten. Spørsmåla øve kan til dømes endrast utifrå svara ein får. Om det er ein klubb der dei ikkje har jobba med berekraft i det heile kan til dømes spørsmålet endrast til kva dei potensielt ser for seg av hindringar.

Ein fekk moglegheit til å djupare undersøkje ein tematikk samt å få klarare og tydelegare svar innanfor temaet. Klarheit i svara vart ansett som vesentleg for å kunne vidarebehandle data på ein god måte. Det var viktig å få svar som kunne kategoriserast og samstundes at meiningane til intervjupersonane kjem tydeleg fram og ikkje vert vage. Å nøsta opp i kva intervjupersonane verkeleg meiner var spesielt relevant.

Det var elles viktig at spørsmåla var gjennomtenkte og faktisk spurte om det ein ynskja svar på, samstundes som ein vurderte kor gravande eller kritisk spørsmålet skulle ve (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 97). Det var viktig å laga presise spørsmål og ikkje avvike for mykje frå dei sjølv om ein endra litt på spørsmålsstillinga i intervjuet for å passa konteksten. Kvart spørsmål trengte ein kjerne som ein måtte få med om ein omformulerte spørsmåla.

Gjennomføring

I denne oppgåva intervjuet ein intervjupersonane digitalt innanfor ein viss tidsramme, lagra lydopptaket og transkriberte det i ettertid.

Ein intervjuet 6 daglege leiarar på ulike nivå i divisjonane, både i herre- og damefotballen. Intervjuet varte mellom 25 og 45 minutt. Intervjuet vart gjennomført på Zoom med opptak på diktafon. Vidare i teksten vil dei daglege leiarane ha fiktive namn i tråd med ivaretaking av personvernet.

Intervjuet vart gjennomført sommaren/hausten 2022 og i januar 2023. Alle intervjuet vart gjennomført via appen Zoom som gav moglegheit for videointervju. Lyd vart teken opp på diktafon og seinare transkribert til Word-filer på datamaskin. Snakk før og etter spørsmåla i intervjuguiden har som hovudregel ikkje vore tekne med, med unntak der samtalen var fagleg relevant.

Videointervjua fungerte visuelt, men det var tidvis dårleg lyd på internettoverføringa og eit intervju vart vesentleg hemma av sviktande lyd kvalitet. Det skapte utfordringar og meirarbeid i transkriberingsprosessen.

Ein opplevde tidvis at enkelte intervjuobjekt var litt usikre og at ikkje alle svara var fullstendige og gav inntrykk av eit fullverdig inntrykk av deiras reelle perspektiv på klubben. Det kan dog ha samanheng med at tematikken er brei og kan vera vanskeleg å halde styr på medan ein pratar. Intervjupersonane gav varierende svar, nokon fortalde mykje, andre var meir ordknappe. Ein opplevde ikkje at nokon haldt att eller manipulerte informasjon i vesentleg grad. Dei avbrot eller uregelmessigheit i samtalen kom som følgje av uklarheit eller dårlege formuleringar.

Tematisk analyse

Ein har vald tematisk analyse av datamaterialet. I ein tematisk analyse forsøker ein å bryte ned alt datamaterialet i temaer og kategoriar som kan sorterast og i nokon grad samanliknast (Thagaard, 2019, s. 152-159 & 171-180). Det er ein velbrukt metode når ein ynskjer å analysere skriftlege data henta inn frå til dømes intervju og lydopptak. Ein vil som regel finne ein del fellesnemningar, ting som går att, i mange av intervjua og desse kan kodast og tematiserast (Thagaard, 2019, s. 152-159 & 171-180).

Ein har gått fram på følgjande måte:

Etter at intervjua var gjennomført og transkribert starta ein med å gå igjennom dataene for å leita etter tema og omgrep som gjekk att. Denne prosessen vert ofte kalla koding (Thagaard, 2019, s. 152-159 & 171-180). Det er ein grovsortering av data, der ein merkar data rundt relevante omgrep og tematikken dei tek for seg (Hjerm & Lindgren, 2011, s. 89-94). Kodinga innskrenkar og redusera datamengda slik at ein får delt det opp og tatt vidare dei essensielle dataene til vidare analyse (Hjerm & Lindgren, 2011, s. 89-94). I kodinga får ein det fyrste innblikket i dataene og kva som er viktigast å ta med og kva som er mindre relevant for problemstillinga (Hjerm & Lindgren, 2011, s. 89-94).

Ein gjekk vidare igjennom alle kodene og identifiserte tema som gjekk att og fann nokre hovudtema, med nokon underkategoriar. Deretter gjekk ein igjen gjennom alt datamaterialet og vurderte kva som var relevant for problemstillinga. Det som ikkje var relevant for

problemstillinga vart utelatt. Det var blant anna ting som til dømes digresjonar, unødvendige detaljar, person-/klubbidentifiserande opplysningar eller lange utdjupingar. Inn i resultatdelen har ein unngått å ta med for mykje repetitivt og fokusert på det som gjev ny innsikt. Det som har vore viktig er dei ulike nyansane i svara og korleis dei skil seg frå kvarandre.

Forskningsetikk

Fordi denne oppgåva nyttar kvalitativ metode og intervju som verkemiddel for å produsera data og dermed beror seg på menneskeskapt kunnskap erverva i eit samspel mellom to menneske med ulik makt øve situasjonen er det viktig å vurdera dei etiske implikasjonane det medføra.

Som Brinkmann & Kvale (2018, s. 95-97) skriv må ein ve bevisst dei etiske føringane ein legg til grunn for metodikken og arbeidet med oppgåva, men også dei moralske utfordringane ein får i dei praktiske situasjonane som til dømes intervjuet. Ein må finne balansen mellom å søkje og grave etter informasjon og kunnskap utan at ein krenkar intervjupersonen nemneverdig, som Jette Fog skriv (2004/Brinkmann & Kvale, 2018, s. 95-97)

Ein har måtte gjera ein vurdering mellom viktigheita av informasjonen ein kan få fram og intervjupersonanes personvern og høve, samt leita etter løysingar som på best måte ivaretek bae omsyn (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 95-110). Målet med forskinga er å få fram eit perspektiv som inntil no har vore relativt ukjent og få fram stemmer som ikkje alltid kjem fram eller vert høyrte.

Vurderingar ein har gjort i denne oppgåva er blant anna rundt anonymisering, intervjusituasjonen, intervjuguiden, transkribering og rapportering. Anonymisering, intervjuguiden og rapportering er beskrive andre stader, so vil ikkje verte kommentert ytterlegare her. Forskningskvalitet vert behandla seinare i metodedelen.

Intervjusituasjonen

I innkallinga var ein nøye med å poengtera at undersøkinga var anonym og ein sendte ut samtykkeskjema før intervjuet for å gje intervjupersonen meir informasjon og grunnlag for å vurdera om ein ville delta i undersøkinga, i tråd med god praksis (Thagaard, 2019, s. 207-208). Alle intervjupersonane har signert samtykkeskjemaet. (Sjå vedlegg 1 for skjemaet»)

Ein måtte vurderer eigen rolle og eigne haldningar inn i intervjuet og finna balansen mellom å vera den spørjande, utforskande, nysgjerrige forskaren og å fasilitera ein situasjon der intervjupersonen var komfortabel og kunne dela sin informasjon.

Samstundes har ein måtte vurderer kva effekt intervjuet vil ha på intervjupersonane. Er det ein positiv eller negativ oppleving? Kva vil dei oppleve? Korleis kan ein leggja til rette for å fram gode data og samstundes gje intervjupersonen ein ok oppleving? Ein har tenkt øve tanken om at ein ubehageleg og/eller konfronterande stil kan få intervjupersonen til å vegra seg for å gje gode svar og/eller trekkja seg frå intervjuet. Då har ein jobba mot sin hensikt. Ein har difor forsøkt å ha eit språk og kroppsspråk som oppmodar intervjupersonen til å by på seg sjølv og dela informasjon.

Transkribering

I arbeidet med å transkribera alt som kom fram i intervjuet var det naudsynt å gjera vurderingar i høve til kva informasjon ein kunne ta med og korleis ein bør transkribera det som kjem fram i munnleg samtale (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 97). Nokon av intervjupersonane utleverte mykje informasjon om seg sjølv og det var viktig å skilje ut det som ikkje var relevant eller det som kunne gje tydelege hint om kven personen er.

Samstundes måtte ein vurderer korleis ein skulle transkribera det som vart sagt; nokon avbryt seg sjølv og endrar setninga undervegs medan andre nølar. Utfordringa er å få munnleg språk til å gje meining skriftleg og at ein ikkje mistar mykje meining og informasjon undervegs (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 204-206).

Konsekvensar

Både før og undervegs i arbeidet gjor ein vurderingar opp mot kva konsekvensar informasjonen som kom fram kunne ha for deltakarane (Thagaard, 2019, s. 208-210). Målet var at oppgåva skulle ha ingen, eventuelt positive konsekvensar, men det var viktig at oppgåva skulle ve tilstrekkeleg anonymisert til at ingen kunne identifiserast gjennom dataene som kom fram, men at andre interessentar eventuelt ville reagere positivt og kanskje vurderer eigen praksis opp mot den nye informasjonen (Brinkmann & Kvale, 2018, s. 95-110).

Forskningskvalitet

Ein har forsøkt å laga ei kvalitetsmessig sterk oppgåve og samstundes vera tydeleg nok på framgangsmåte til at det er mogleg for andre å gjenta studien om det vert ynskeleg med meir forskning på tematikken.

Reliabilitet

Ein har vore bevisst på oppgåvas reliabilitet og i denne metodedelen forsøkt å redegjera presist for framgangsmåten for å skaffe data sånn at det er mogleg å forstå og andre kan gjenta studien. Om ein nytta kvantitativ metode hadde reliabilitet vore spesielt viktig for ved å gjenta studien skal det vera mogleg å få dei same resultatata (Thagaard, 2019, s. 187-189).

Det er ikkje like enkelt med kvalitativ metode då funna i større grad er prega av samhandlinga i intervju mellom forskar og intervjuerson, i henhald til det interaksjonistiske perspektivet, forskars transkribering og fortolking, og vidare drøfting (Thagaard, 2019, s. 187-189). Like fullt tykkjer ein det er viktig å vera open om forskningsmetodikken for å gjera det enklare å forstå datainnsamlinga og gje tillit til forskninga.

Validitet

I høve til validitet har ein forsøkt å gjera det lett å analysa og forstå oppgåva gjennom å skildra metodikken for datainnsamlinga, redegjera for eigne tolkingar rundt nykkelomgrep og knytte drøftinga opp mot funn og kjelder (Thagaard, 2019, s. 189). Ein har redegjort for kva teoriar som har påverka tolkingane og kva bakgrunnsforskning ein har drøfta funna utifrå.

Resultat

Her vil ein presentera dataene utifrå tematikkane ein fann ved gjennomgang av transkripsjonane.

Når ein gjekk igjennom dataene fann ein nokon hovudtema som gjekk att: **Deira perspektiv, berekraft, hindringar og moglegheit, påverkande aktørar og omverda** var dei tematikkane som dei fleste av intervjuersonane kom innom i intervju sine.

Nokon av temaene er vidare delt opp i undertema:

Hindringar og moglegheitar: Systematikk, Tid, Økonomi, Eigenverdi vs nytteverdi, Ressursmangel.

Påverkande aktørar: Sponsorar, Forbund, Myndigheiter, Supportarane.

Ein hadde også med eit punkt aller fyrst der ein noterte litt om bakgrunnen deira. Av personvernssyn kan ein ikkje skildra for mykje detaljar, men det var interessant at berre to fortalde at dei hadde vå i klubben i ein årrekke og berre den eine gav dette som einaste opplysning om eigen bakgrunn. Dei fem andre intervjupersonane hadde minst hatt ein annan jobb tidlegare i eit heilt anna yrke og nokon hadde hatt ein rekke ulike jobbar.

Intervjupersonane hadde dermed ein variert yrkesbakgrunn og enkelte refererte til tidlegare yrker i enkelte kontekster. Det var ulike grunnar og interessar for å jobba i fotballen. Éin ville berre jobba vidare i idretten, éin hadde jobba med suksess i ein fotballklubb tidlegare og ville prøva det same med ein ny klubb medan éin «*ynskja å skape ein miljøvenleg klubb*».

I tråd med framgangsmåten i intervjuguiden vil ein her presentera data direkte om berekraft fyrst ettersom det samsvarer betre med rekkjefølga på spørsmåla intervjupersonane fekk.

Berekraft:

Det kom mange tankar om berekraft og deira forståing av det. Det var ulike tolkingar av omgrepet der nokon tenkte umiddelbart miljø, andre tenkte på berekraftsmåla og nokon tenkte likare definisjonen frå Brundtland-rapporten (Brundtland & Dahl, 1987). Andre igjen tenkte meir på økonomi og sosiale høve. Fleire erkjente at dei hadde fått ein djupare forståing av omgrepet etter å ha jobba med det i klubb. Ein merka seg utfordringa med at omgrepet er veldig stort og kan romma veldig mykje, dei fann det litt vanskeleg å definera det. Som Ella seier: «*berekraft tenker eg, er alt. Det er stort og tidlegare har det berre vore klima og miljø, men det er alt me eigentleg gjer.*»

Denne usikkerheita i forståinga av berekraft kjem fram hjå Emma også: «*Nei, sei det. Kan jo leggja mykje forskjellig i det. Definisjonen i mine auge er at me må øve i ein utvikling som kan oppretthaldast, noko ein kan oppretthalda. Eg meiner at heile begrepet berekraft kanskje burde vore byta ut med oppretthaldbar.*»

Lukas erkjenner at forståinga har endra seg i arbeidet med berekraftsprosjekt: *«Eg har fått ein litt djupare forståing no etter at me byrja å jobba med det, før i mitt hovud var det berre miljø-biten, men det er jo berre 4 av 17 berekraftsmål som går på miljø-sida. Den sosiale sida, det er liksom det som treffer meg mest, det er der me kan påverka mest.»*

At det er sopass stor skilnad i forståinga av omgrepet meiner Emma kan ha samanheng med FN's berekraftsmål som kom i 2015: *«So har FN breia ut det der ytterlegare. Omgrepet var veldig knytta til miljø før. No har berekraft nesten vorte alt som er positivt i samfunnet. I min verd betyr berekraft oppretthaldbar, langsiktighet.»*

Nora: *«Ja, altso me jobbar jo...me har ikkje jobba veldig mykje med miljø [] men det me jobbar med, det er jo det som går på helsa og å skape eit betre liv for folk og det går på det me gjer for born og unge, men også i høve til det me gjer på gatelaget, det å ta vare på folk»*

Isak: *«Eg forstår berekraft på den måten at me skal behandla dei verdiane me har på ein sånn måte at det er gode vilkår for dei som kjem etter. Sånn at du har faktisk både gjenbruk og ikkje forbrukar det som er av verdier, materielle og menneskelege, men får til ein god utvikling rette vegen. Det er klimamessig det målet som er mest i fokus i mange samanhengar, men også det som går på trygg oppvekst og trygghet er også viktig, det er viktige berekraftsmål som spesielt ein fotballklubb kan ve med på å påverke.»*

Isak nemnte eit tiltak der A-gruppa rydda og kjølte ned mat for å unngå matsvinn:

«Eg tenker berekraft det går på haldning og bevisstheit. Eine grunnen til at du rydde er at det bør du eigentleg gjer og at det er faktisk berekraftig å ta vare på mat, so det er berre eit døme på korleis ein kan jobba frå mikronivå og opp, sånn sett. Klimaendringar forstår eg som strukturelle endringar som er negative for jordkloden og menneskeheita sånn sett. So det å gjera alle tiltak som kan snu og bremsa den utviklinga mot auka oppvarming og påverknad av jordkloden, det forstår eg som klimaendringane, so der må me gjera ganske mykje.»

Lukas: *«Min forståing av berekraft er at me skal gjera samfunnet betre, gjera samfunnet tilgjengeleg, folk skal få moglegheiter samstundes som det å tenkje lokalt, det å ynskje ein berekraftig by, so handlar ikkje det berre det om det sosiale og folk, men å bruke kvarandre, bedriftane, styrke lokale kapitalen til alle dei bedriftane, [] Det å sjå gleda til born og vaksne [] det er belønning for oss og so står me sterkare i samfunnet ved å visa at me tek ansvar.»*

Jakob sin klubb er vorte meir bevisst på miljø-aspektet: *«Ja, me har byrja å sjå litt på miljø no fordi me ser at det er eit område me har forsømt, me har kanskje hatt veldig mykje fokus*

på dei sosiale berekraftsmåla gjennom vårt samfunnsansvar og at me har dekkja det veldig bra, men me har ikkje vore so flinke til å fokusera på korleis me kan ta klimatrusselen på alvor so det er noko me har lagt inn i vår treårsstrategi no at me skal ha eit større fokus på miljø- og klimautfordringane.»

Emma sin klubb er også oppteken av miljø-aspektet: *«Heile utgangspunktet for vår miljø- og deretter berekraftssatsing har vore klima, det er miljø som har vore øvst på lista over kva me er mest opptatt av, innanfor miljø og berekraft, so klimautslepp er ein viktig del av berekraftsarbeidet vårt.»*

Økonomi vart nemnt mange gongar, særskilt som ein faktor for kva ein kunne gjera i klubben. Nokon av intervjupersonane hadde tankar om korleis økonomisk berekraft ville arta seg i ein fotballklubb, blant anna Emma: *«Eg brukar det sånn:[]. Om FIFA eller UEFA setter opp krava til anlegga, so er ikkje det naudvendigvis økonomisk berekraftig. Det er ikkje oppretthaldbart.»*

Ein liknande tanke kom fram i samtale med Lukas: *«So er det den økonomiske berekraftsbiten. [] styra klubbane på riktig måte. Det handlar om å laga ein god økonomisk grunnmur i klubb.[]. Om ein ikkje har det, sunn økonomi, sunn drift, so ryk det etter kvart.»*

Utsegna gjev ein viss innsikt i at økonomi er ein vesentleg fasiliterande eller hindrande faktor og ein føresetnad for både berekraftsprosjekt og andre oppgåver i klubben.

Mange hadde tankar om dei sosiale måla og kva dei kunne gjera for å løyse dei. Fleire fortalte utfyllande om ulike tiltak klubbane haldt på med. Jakob fortalde om ein klubb der dei hadde teke dei sosiale måla på alvor og hadde mange ulike tiltak retta inn mot fattigdom til dømes.

Lukas fekk spørsmål om kva han meinte var gode tiltak: *«Alt som forbetrer dei sosiale (høva). Meir spesifikt: det er å tilretteleggje so fleire kan halde på med idrett»*

Deira perspektiv:

Deira egne tankar

Nora sine tankar om berekraft: *«Nei, altso, eg meiner det er enormt viktig å vera bevisst, men...eg er ikkje den som ropar ulv og seier at «no er verda i krise», men eg er heller ikkje den som seier «dette er berre tull og oppspinn», so eg er nok meir midt på.[] når eg tenkjer berekraft so er det mange ting som er minst like viktig som klima, det er, det går på at*

menneske skal ha det bra, at me skal behandle kvarandre ordentleg, at ein skal sleppe å leva i fattigdom, det er viktigare for meg enn miljøkampen, sånn personleg då. [] skal du få til ein endring, då må du bruka kjensler, eg har ikkje noko tru på tvang, [] eg trur at det må vera motivasjon til, noko press må til, men ikkje tvang, men gjerne at partnarar, altso bedriftane som er inne er bevisst på det, altso at ein vert pressa lite grann i ein retning [] at ein skal verte heilt berekraftig, det er vel ikkje mogleg for nokon enno.»

Jakob: Berekraft for meg det handlar jo om...det er jo berre knytta til berekraftsmåla kor me har klart å definera og systemisera dei utfordringane som er i verda i dag og tidlegare var det jo snakk om at fotballklubbar må vera berekraftige i forhold til økonomi blant anna, men no er det jo laga eit planverk for korleis me skal nå desse måla innan 2030 og det trur eg har vore heilt essensielt med tanke på å få merksemd rundt det og klare å setje naudvendige tiltak bak den systematikken som er laga.»

På spørsmål om ho frykta at nokon klubbar eller bedrifter forsøkte å grønvask seg sjølv svarte Emma: «Absolutt, [grønvasking] det trur eg kan verte ein kjempeproblemstilling, det ser me jo for så vidt allereie, no skal eg ikkje namngje dei klubbane, men eg ser jo nokon klubbar som går høgt på banen no og som eigentleg ikkje har gjort nokon ting, dei byrja i foregårs liksom og før dei har gjort eit einaste tiltak, so er det litt sånn høgt på banen, so det er...men man kan jo sjå på det på to måter, ein kan sjå på det som grønvasking eller ein kan sjå på det som starten på noko som kan verte reelt.»

Isak lufta tankar om eigen prosess: «Eg ser for meg å ve med å bidra til auka bevisstheit og fleire aktivitetar innanfor kvart område, me tek det porsjonsvis, ikkje ta alt på ein gong. Mitt bidrag kan ve å ta dette trinn for trinn og auka bevisstheitsnivået rundt berekraft. Alle 17 måla, kva bør me gjer? Min drøm er at då vil det verte sjølvgåande. Eg ser meg sjølv som meir ein igangsetter på dei tinga. [] det eg opplever har best effekt er at folk får ein umiddelbar respons.»

Nora hadde nokon tankar om ståa rundt berekraft i fotballen no: « Dei styrste klubbane trur eg ikkje har tenkt sånn, [] du har jo det der green rovers, Forest Green Rovers i England, som har dratt det ekstremt langt, men eg har ikkje inntrykk av at dei store klubbane har fokus på det, i kvart fall ikkje sånn utad.»

Også i Noreg ser Nora ein utvikling: «Eg ser jo at fokuset er der, Bodø/Glimt har jo gått foran [], og so ser eg at fleire og fleire klubbar heng seg på, når me hadde presentasjon angående dette om Eliteserien i fjor, at det skulle vera eit berekraftsprosjekt for heile

Eliteserien so var det utelukkande positive tilbakemeldingar på det, so det verkar som alle er positive til det, det går jo også på det kommersielle, at ein er nøydt til å vera det for å vera interessant for dei sponsorane som er der ute for dei krevjer i større og større grad at du har fokus på berekraft, so utviklinga, eg trur det kjem til å vera krav, der er det nok sponsorane som nok vil ve den styrste pressfaktoren for berekraft i klubben.

Den same utviklinga såg Jakob: «Jada, som eg seier då so har me jo jobba med samfunnsansvar gjennom 25 år, so me meiner jo at me har tatt eit samfunnsansvar lenge og so er det no når berekraftsmåla har komt meir og meir i fokus dei siste åra so har me sett, ok, kva er det me gjer som kan dekkja mange av dei måla og me meiner at me har enormt mange tiltak som treffer mange av dei berekraftsmåla som fins. [] Me merkar jo at det er eit større og større fokus på det, me får jo med oss det meste av det som skjer i andre klubber, andre ligaer der det er mykje fokus på det og spelarar som involvera seg, t.d. Morten Thorsby.»

Jakob meinte også noko om utvikling her: «Ja, eg vil sei Noreg er ganske langt framme på det, det er klubbar i Noreg som er langt framme, me har interesseorganisasjonar for både Eliteserien og Toppserien som tek ansvar, me har NFF og NIF ikkje minst, so for meg verkar det som Noreg er like langt framme som ein del andre land i Europa. [] Eg trur og det at myndighetene setter strengare og strengare krav til både næringsliv og andre for å få dei inn i eit riktig spor, det trur eg er veldig viktig. Eg trur næringslivet...ein del bedrifter (er) bevisste, men eg trur dei treng tydelegare retningslinjer og krav frå både FN og myndigheter og kvart enkelt land i høve til å løyse dei utfordringane som verda står ovanfor.»

Nora gav litt innsikt i sine tankar om framtida: «Det er ein rørsle i europeisk fotball, men fotballen er ganske treig. I Noreg trur eg me fortare kan snu oss rundt, det er vel difor dei ynskjer å nytta Toppserien og Eliteserien som pilotserie i høve til berekraft då.»

Jakob snakka litt om klimaendringar: «Klimaendringar det er noko me lyt ta på alvor for det kjem til å få enormt store konsekvensar for framtida og eg trur nok me her i Noreg, me er nok litt beskytta i høve til å forstå, so eg tenkjer me må tenkje globalt. So ser me at me kan ikkje jobba med alle berekraftsmåla, me kan jobba og gjera det som er mest naturleg for oss, plukke ut eit par av måla, finne vår form og vår identitet på kva me ynskjer å jobba med.»

Hindringar og moglegheitar:

Det var ulike meiningar om moglegheitspotensialet dei hadde i klubbane. Nora var tydeleg på at alt kan gå, men at det er nokon faktorar som spelar inn: *«Det er ingen ting som hindrar oss, altso det, det er ingen ting som hindrar oss i at me lever etter berekraftsmåla og me gjer vårt beste for kvar enkelt, men det å laga struktur då og ha folk som følgjer opp det her, det er jo eigentleg ressursmangel det her, for jobbar du i ein fotballklubb so jobbar du eigentleg alt for mykje i utgangspunktet, so du har ikkje so mange ledige timar til å setja deg ned og jobba med struktur på ting som ikkje allereie er på plass, so det er jo mykje det, hadde me hatt meir økonomi, so hadde me hatt ein som hadde hovudansvar for berekraft [] det er tida til å setje seg inn i det og strukturera arbeidet som er styrste terskelen...og kunnskap sjølvsagt.»*

Medan Isak var meir oppteken av ein god prosess med berekraftsarbeidet for å få synlege resultat og tilbakemelding, for å stimulera til auka engasjement rundt arbeidet: *«Dei styrste hindringane er at mykje kan ha effekt på lang sikt, men eg trur at om ein klara å dela ting opp og gje umiddelbar respons so forsterkar ein tiltaka.»*

Systematikk

Det å jobba systematisk vart trekt fram jamnleg, både som ein hindring og moglegheit, blant anna av Jakob som meinte klubben var *«mindre knytta mot berekraftsmåla før, knytta mot bedrifter som ynskja å ta eit sosialt ansvar, men med fokuset på berekraftsmåla no, har det vorte meir ein retning der ein kan jobba meir systematisk enn det var tidlegare.»*

På spørsmål om dei hadde ein strategi svara Jakob: *«Ja, me har laga det no for elite [], ein strategi på korleis me skal jobba med berekraft og samfunnsansvar, der blant anna klima er ein del av den strategien.»*

Emma sin klubb var komt lenger: *«Har ein strategi, kalte den vel kanskje ein miljøstrategi ein gong i tida. Men ja, det fins ein sånn ein.»*

Nora peikte på staa i eigen klubb: *«Me har gjort ein del ting, men me har ikkje satt det ordentleg i system, planen var å gjera det i BDO-prosjektet, [] so det er på agendaen.»*

Isak og Ella var var opptekne av prosessen mot å få til prosjekt og halde kvalitet i dei.

Lukas gav innsikt i korleis dei jobba: *«Me har valt ut mål 17: samarbeid og den har me dratt i gong med ACTION NOW-prosjektet. So den med å Utjamne ulikheiter (10) og so har me 13:*

Miljø og den går på kva kan me gjera her på stadion? [] Det er dei tre måla me jobbar ut i frå. Det er ingen enkeltstående bedrift eller lag som kan ha alle 17 måla, det går ikkje, det har ein ikkje sjans til, so det å velje 2-3-4 berekraftsmål som ein skal jobba med, det er nykkelen til å få gjort noko med dei tinga, det vert for stort om ein skal ha 10 berekraftsmål.»

Økonomi

Økonomi kom fram som ein hindring i nokon av intervjua. Det var ulike svar med ulike økonomiske begrunningar. Nora svarte: «Ja, tja, økonomiske...jo, det blir jo det fordi ein ikkje har nok menneskelege ressursar då, for det treng ikkje kosta so mykje, men ein må ha nokon til å dra i det og følgje det opp. [] Me skal byggja ein ny stadion og der er me veldig oppteken av at det skal ve ein berekraftig stadion [], men me får sjå kva me får til, det kostar pengar å byggje berekraftig.»

Jakob meinte òg at økonomi kunne ve ein utfordring: «Eh, altso det er jo, eg kan jo ve ærleg å sei at økonomi er ein hindring, [] dette er jo investeringar eller tiltak som kan kosta mykje, [] kan jo ve vanskeleg å få med nokon å prioritera det, nokon som jobbar på sport då til dømes, og seier «men korfor skal me prioritera å nytta so mykje pengar på eit klimatiltak når me ynskjer å verte ein betre fotballklubb, ute på bana?», so det er ein utfordring.»

Emma kom innom det same på spørsmål om dei hadde lyst å gjera meir berekraftsarbeid: «Ja, massevis, me har lyst å gjera masse på alle desse områda, det er berre eit spørsmål om finansiering.»

T: Det er økonomien som stoggar litt?

Emma: «Ja» og utdjupa:

«Kva som er gode tiltak? Kva er dei beste? Det er vel dei me klarar å gjennomføre. Dei beste tiltaka er dei me får med nokon eksterne på, som kan finansiera. Det er jo det som er nykkelen her, det er ikkje vits å ramse opp ein haug med tiltak som me har lyst å gjera om me ikkje får gjort dei, so ein må jo jobba med dei tiltaka ein kan få nokon med på, so ein kan få gjennomført dei. So sånn sett so har jo me jobba den vegen, frå kva som er mogleg å finansiera, ikkje kva som vil vera best, me har ikkje starta med kva som vil ha størst effekt på klimautsleppa, me har starta med kva kan me finansiera av dei tinga som peiker i riktig retning.»

Eigenverdi vs nytteverdi

Emma sa noko om korleis klubbane tenkte rundt berekraftsprosjekta sine. Er dei tufta på eit ynskje om ein berekraftig framtid, idealisme, eller er det andre motiv? *«Du kjem til eit visst punkt med ansvarskjensle og sånt, men det er jo difor alle klubbane kjem på dette no, det er fordi dei ser at me har tent pengar på ditta i mange år og dei ser at bedrifter som sponsar idrett etterspør det, då kjem dei. Hadde det vore ulønnsamt so er det nok berre me som hadde gjort lite gran. So det er veldig enkelt. Det handlar om pengar.»*

Ressursmangel.

Mangel på ressursar, spesielt menneskelege vert også trekt fram som ein utfordring, ifølgje Ella: *«Det har vore viktig for oss å få i gong dei prosjekta me har med kvalitet. Me treng fleire folk for nye prosjekt.»*

Lukas seier òg at menneskelege ressursar er noko dei er heilt avhengige av og peikte seinare på viktigheita av frivilligheita: *«Ressursar, det er ein ting. Eg ser faktisk ikkje på, eller det er jo det viktigaste, ressursane. Økonomien bør ikkje ve ein faktor som gjer at ein ikkje får jobba med dette. Det handlar om det eg nett har snakka om, det å få med partnerar, få med andre aktørar i samfunnet. Men ressursar, altso det å kunne gjera desse tinga.»*

Påverkande aktørar:

Dei fleste intervjupersonane hadde nokon tankar om kva aktørar som påverkar dei som klubb og deira arbeid. Nora seier det slik: *«Det som påverka aller mest, det er jo supporterar, og so er det media og so er det nok sponsorar».* Jakob meiner dette: *«Men omgjevnadene er jo også med på det (påverka kva klubben gjer), våre supporterar til dømes, våre samarbeidspartnarar, kommunen, byen me tilhøyrer, so det er mange faktorar rundt som eg trur spelar inn for at me er den klubben me er i dag, ja.»*

Emma tykkjer det er: *«eit samspel med omverda på alle nivå. Hundre faktorar. Fotballinteresse hjå barn, kva UEFA bestemmer, medieinteresse, trendar i samfunnet, skjermtid. Vanvittig mange forhold som påverka ein fotballklubb. I kvart fall me som har eit av Noregs beste lag på toppen og ein heilt vanleg breiddeklubb på botn.»*

Isak knyttar aktørane opp mot inntektsgrunnlaget: *«Inntektsmessig so er det sponsorinntektane som påverkar mest.[]. Dei hadde ikkje vore med om det ikkje var for at det er engasjement og supportarar og støtte rundt. Publikumsdelen er veldig viktig som ein ekstern faktor. Betyr litt mindre inntektsmessig, [] TV-rettar representera ca. 10-15 % på omsetninga. So har du det som går på kommune og myndigheitsområde. Det er felles interessar for breidde og folkehelse, alle skal med, men og profileringsmessig for regionen. Klubben er eit flaggskip.»*

Lukas legg vekt på: *«Engasjementet til folk, på godt og vondt. Me skal ve veldig, veldig glad for det engasjementet som er, dei bryr seg. [] Sjølv når det er litt negative saker [], so må me ta det som noko positivt at folk verkeleg bryr seg og det viser at me er den styrste aktøren.»*

Sponsorar

Det vart snakk om korleis sponsorar påverkar kva klubbane gjer og om noko har endra seg i forholdet mellom sponsor og klubb. Nora hadde nokon tankar om det: *«Krava er også større, frå sponsorar, endra seg frå at mange gjekk inn med pengar, sponsa frå hjartet, men no går dei meir inn med hjernen, og det er jo kanskje litt tilbake til hjartet att med tanke på damefotballen, men også med tanke på dette med berekraft [], som på ein måte ikkje er nokon return of the investment for bedriften, men dei kan gå inn på prosjekt, på berekraftsprosjekt og det betyr meir for dei.»*

Jakob nemnar også at sponsinga ikkje er like vilkårslaus som før: *«Me har jo nokon bedrifter med oss som ynskjer å ta samfunnsansvar, ikkje naudvendigvis knytta til berekraft, men sånn me ser det då, me har jo ein eigen stifting som jobbar med sosiale prosjekt i klubben og mange av dei sosiale prosjekta kan ein knytta opp mot berekraftsmåla og sånn sett kan ein sei at dei bedriftane sponsar jo det.»*

Forbund

Fotballforbundet var nemnt i mange samanhengar, men Emma hadde ein del tankar om deira bidrag i berekraftsarbeidet i norsk fotball: *«Fotballforbundet har jo vore heilt på bakbeina på det her, det er dei vel for så vidt fortsatt, men dei prøver litt no då. Og det er bra. So det er same der. Me må jo gje dei honnør for å prøva. Det er jo liksom....men eg syns*

fotballforbundet er litt for opptatt med å sei at det me allereie gjer er berekraftig i seg sjølv. Og so seier eg ikkje at det ikkje er det, for du finn ikkje mange aktivitetar i samfunnet som er meir berekraftige enn å få born og unge til å spela fotball på ein grøn bane, men det held på ein måte ikkje likevel, du må koma med noko som ein elles ikkje ville vore gjort. Om du skal gjera samfunnet meir berekraftig so må du bidra utanfor det du alltid har gjort.»

T: Tenker du fotballforbundet burde setje hardare krav og vera med å skape litt trøkk rundt det?

Emma: *«Nei, for så vidt so tenkjer eg ikkje det. Eg tenkjer at fotballforbundet må gå foran sjølv, for eigen kjølv, og so tenkjer eg at NFF har ein viktig rolle for å få myndigheitene med. [] Eg meiner at ein veldig viktig oppgåve for fotballforbundet er at myndigheitene ikkje berre kjem med krav, men faktisk kjem med finansiering.»*

Myndigheiter

Medan Nora snakka litt om kommunen rundt klubbens stadionprosjekt, at dei ville bidra på det, so hadde Emma ein del tankar om kommunen sin påverknad: *«Nei, kommunen, der er det, dei tykkjer eg er treige, men støtta frå lokalsamfunnet er veldig bra og næringslivet er veldig bra, so me opplever nok at dei er mest interesserte, so kjeme kommunen...det er ein heilt annan interesse for det me driv med i næringslivet enn i det offentlege»*

Supportarane.

Det var delte meiningar om supportaranes påverknad. Nora sa at: *«Det er supportarane som har mest påverknad i høve til å pressa oss til å gjera endringar.»* men i Lukas sin klubb sitt berekraftsarbeid var det annleis: *«Dei har ikkje vore involverte. Dei er ikkje involverte i denne prosessen nett no. Ingen påverknadskraft. Det er få reaksjonar, men positiv respons, hovudsakleg frå bedrifter.»*

Omverda:

Isak hadde nokon tankar om utviklinga og kva som må til for å lukkast med prosessane:

«Eg trur at det er, både på forbundsnivå, nasjonalt og internasjonalt, so er det vekt på berekraftsmål. Football for the goals er definert som eit hovudprosjekt for fotballen. Både på forbundsnivå og i høve til klubb om ein kan få med sponsorar og andre so trur eg det kan gje ein god signaleffekt. For ein har store fotballstjerner, om dei kan dei gå foran og gje symboleffekt for saker so er det bra. Jo fleire tiltak der ein får med desse referansepersonane, so er det bra. Heilt ned på lokalnivå, ein kan jo også få med lokale heltar»

Intervjupersonane fekk spørsmål om dei jobba noko med berekraft i eigen klubb. Emma svarte: *«Ja, me har gjort massevis. Det er jo det me gjer på eit vis. Å bidra til å utvikla samfunnet vårt i ein berekraftig retning. Me har gjort masse på miljø, men det er klart at det er meir. Me aktivisera born og unge på ein positiv måte, me lærar born og unge om livet, me bidreg til integrering, me jobbar mot utanforskap, me kjemper for jenter og kvinner, me bidreg i lokalsamfunnet, det er jo det vår verksemd er på ein måte, eigentleg.»* men snakkar òg om dei andre elementa i berekraftsomgrepet: *«Det me har gjort, som er litt utanfor det som er vanleg, er fyrst og fremst på miljøområdet der me har gjort mange tiltak for å verte ein grønnare klubb.»*

Intervjupersonane fekk spørsmål om kva dei tenkte om norsk fotball og om norsk fotball kan verte berekraftig. Det var delte meiningar. Isak meinte at: *«Noreg er over snittet. NFF og norsk toppfotball bra. [] Det ligg i næringslivet og, bølga er snudd. Det er positivt. [] Det er jo eit mål der om nullutslepp og den mest berekraftige ligaen i verda, so det er satt hårete mål so det er bra på forbundsnivå og so må dette forankrast vidare ned til alle klubbane og til kvar spelar og medlem. Då har ein lukkast i høve til det.»*

Lukas synte til Football for the Goals og Action Now som viktige prosjekt nasjonalt: *«Det er ein pilot via UEFA. Norsk Eliteserie som jobbar med alle (17) berekraftsmåla på ulike felt. Me har 3 mål, eller styret har satt 3 mål: eitt av dei er å oppfordre til samarbeid mellom bedrifter i byen, der har me starta Action Now.»* og på spørsmål om han følte inspirasjonen kom frå Europa eller sentralt hald svarte han: *«Nei, det er meir sjølvdrevent. Me har ingen mal på korleis ting skal gjerast. Korleis kvar enkelt klubb skal jobbe, korleis det skal organiserast, korleis det skal følgast opp, det er litt av det prosjektet no.»*

Ella presiserte viktigheita av samarbeid: «*Alle må jobba saman i staden for kvar for oss. Gjera det på same måte rundt om. Terskelen må vera låg for samarbeid.*» medan Emma hadde eit par innvendingar: «*Det er jo ein vanvittig interesse rundt det no, særleg i næringslivet, og også i fotballen, so no skal plutselig alle bedrifter og alle fotballklubbar og idrettslag og det heile satse på berekraft og det er jo kjempebra, og so er eg jo, kva skal eg sei? Det er jo ein lang veg frå å laga PowerPoint om det til å faktisk gjera noko. Mange er framleis berre på planleggingsstadiet, men det er ein positiv utvikling, det er utvilsamt*»

Intervjupersonane hadde nokon tankar om fotball og berekraft internasjonalt. Lukas meiner det skjer litt: «*Pilotprosjektet med ligaene. Det er jo i riktig retning, også ute i Europa. At ein tenkjer meir miljø og samfunn på eit organisert plan.*» mens Ella meiner det er eit viktig skille mellom innsats i ein del klubbar: «*Stor skilnad med dei som gjer det dei må og dei som faktisk gjer ein skilnad.*»

Emma er derimot kritisk til innsatsen hjå ein del og kva som motivera til handling: «*Det er jo nokon som gjer noko sjølvsagt, men som eg sa i stad, fotballen følgjer pengar, kor vidt fotballen gjer dette i det store biletet, []avhenger av at ein får respons frå forbundet, at fans, sponsorar og myndigheiter ynskjer det og belønner det. Men det er ikkje mange klubbar der ute som har eit imponerende berekraftsarbeid, det er det ikkje. Det er mykje PowerPoint der og. Då snakkar eg liksom litt utanfor hovudføremålet då. Altså alle fotballklubbar bidreg jo til å aktivera born ikkje sant, og det er jo på direkte eller indirekte vis, men utanfor det? Det er jo til og med ein del som jobbar direkte mot berekraftsmåla gjennom både sportsvasking og mykje anna. So den der globale fotballturismen er ikkje berekraftig. Den er direkte motstridande til berekraftsmåla.*»

Drøfting

Denne oppgåva har tatt føre seg norsk fotball, med mål om å få innsikt i klubbleiarane sitt perspektiv på berekraft i fotballen og klubben.

Hovudproblemstilling for oppgåva er:

Kva er norske klubbleiarar sitt perspektiv på berekraft i fotballen og klubben?

Sentrale spørsmål innunder denne er blant anna:

- Har leiarar i norske fotballklubbar nokon tankar om berekraft?
- Er berekraft eit omgrep som er kjent for dei som jobbar i norske klubbar?
- Om klubbane jobbar med berekraft, korleis går dei fram?
- Kven styrer dette arbeidet; er det enkeltinitiativ eller satt i system?
- Er det faktorar utanfor klubben som påverkar arbeidet med berekraft i klubben?

Denne drøftingsdelen vil nytta resultatdelen og teori-delen som bakgrunn og forsøkje å gje svar på problemstillinga og underspørsmåla.

Ein fann ein del ulike tema som gjekk att, at det var nokon ting intervjupersonane tenkte likt om, var einige om og nokon ting dei var ueinige om.

Tankar om berekraft

Intervjupersonane var lite samstemte i sine tankar når dei vart spurt om å definera berekraft. Det kan ve ulike grunnar til dette. Ein trur alder kan ha noko å sei. Berekraftsomgrepet er gjerne best kjent sånn det vart definert av Brundtland (& Dahl) i 1987, men sidan det vart introdusert har det fått nye tolkingar og relaterte omgrep etter kvart som det er vorte analysert og utarbeida politikk rundt. Ei tydelegare oppdeling i dei tre temaene (økonomi, miljø og sosiale høve), tusenårsmåla og FN's berekraftsmål sin introduksjon kan ha påverka korleis ein ser på omgrepet. So når i tida intervjupersonen har vorte introdusert for omgrepet og kva som var den aktuelle tolkinga då, kan ha påverknad på korleis dei fortolkar det no. Introduksjonen av tusenårsmåla og berekraftsmåla har kan hende gjeve uklarheit rundt det opprinnelege omgrepet. Det same har kanskje dei sterke miljødebattane dei siste åra og alle berekraftsprojekta som har dukka opp. Er det problematisk at dei ikkje kjenner omgrepet presist nok? Det kan det kanskje vera. Dersom dei til dømes berre fokusera på økonomisk berekraft kan det føra til handlingar som har katastrofale følgjer for miljøet og dei sosiale høva. Men vil resultatet vera verre enn om dei ikkje tok berekraft med i betraktninga i det heile? OL i Aten i 2004 var eit ynskja arrangement frå grekarane opprinneleg, men har eit delt ettermæle med anlegg som forfalle, dei fyrste skritta mot finanskrisa og manglande midlar til anna viktig infrastruktur og investeringar (Panagiotopoulou, 2004, s. 183-186).

VM i Brasil i 2014 skulle ifølgje FIFA vera miljøvenleg, men enda med å byggja stadionar det ikkje var behov for, omfattande korrupsjon og budsjettsprekkar, i tillegg til at fleire av anlegga fekk store vedlikehaldskostnader i etterkant og ein befolkning som hadde behov for investeringar i infrastruktur måtte ta rekninga, noko som førte til mykje misnøye (Cardoso & Rosenthal, 2015).

Kjennskap til omgrepet er nok difor til hjelp, men det viktigaste for arbeidet er forståinga av at berekraftig utvikling er samansett av dei tre hovudområda miljø, økonomi og sosiale høve, at dei er gjensidig avhengige og difor alle må ve med om ein har tenkt å gjera berekraftstiltak (Brundtland & Dahl, 1987).

Berekraftsmåla og intervjupersonane sine tankar om dei.

Holden & Linnerud kjem i ein kronikk (2022) og i boka Bærekraftig utvikling (2021) med kritikk mot berekraftsmåla. Dei har innvendingar om svake punkt i måla og korleis dei vert brukt. Dei spør blant anna om vekst i økonomien er foreinleg med berekraft og forsøk på å redde miljøet, at det er veldig mange mål, at måla sett få krav og er vanskelege å måla, at måla er intetsigande eller sjølvsegte og at det er ikkje nokon prioritering av måla (Holden & Linnerud, 2022) (Holden & Linnerud, 2021, s. 39-56). Intervjupersonane hadde liknande innvendingar, blant anna meinte nokon det var umogleg å få til alle berekraftsmåla, at ein måtte velje og prioritera. Det var ulike meiningar om korleis ein skulle måla framgang, noko som er naturleg når det ikkje er satt tydelege mål eller målemetodar. Dei hadde prioritert ulike mål å fokusera på og sidan det ikkje er nokon prioritering har dei stått fritt til å velja blant alle 17 måla, inkludert dei som ein fotballklubb allereie til ein viss grad oppfyller i form av sin aktivitet.

Det jobbast også med å forstå i kva grad måla heng saman og påverkar kvarandre. Spørsmålet er om sterk innsats på eit mål vil få følgjeverknader på andre mål eller om ein må jobba med alle måla. Ideelt sett kan ein fokusera på dei måla som gjev best effekt i seg sjølv, men som også har god effekt på dei andre måla. Ein FN-gruppe som undersøkte dette fann at på enkelte mål er det ein negativ utvikling og at den negative utviklinga også påverker andre mål (Holden & Linnerud, 2021, s. 55-56). Målet om God Helse til dømes kan jo bety at det er behov for meir trening og aktivitet. Det kan bety ekstra slitasje eller behov for nye anlegg, som vil negativt påverka miljømåla. So lenge det ikkje er nokon prioritering av måla kan aktøren sjølv få dilemmaet om kva mål ein skal prioritera mest. Dømer som det ser ein

allereie. I fyrste setning av oppgåva referera ein til FIFA som har vald å utvide VM 2026 til 48 lag samt Klubb-VM og andre turneringar for å få fleira kampar og meir inntekter (FIFA, 2023). Grepet gjev meining frå eit business-perspektiv, det gjev meining økonomisk. Miljømessig er det ein potensiell katastrofe då det vil auke klimaavtrykket til turneringa vesentleg og FIFA har tidlegare lovt klimanøytrale VM utan å innfri (Dufrasne, 2022). For dei sosiale høva vil det ve delte meiningar, men allereie no er det komt kritikk rundt dette frå spelarforeininga som seier det vil gå utover spelarane sin helse å spela so mange fleire kampar (BBC, 2023). Intervjupersonane var tydelege på at dei økonomiske høva måtte betrast om ein skulle vera i stand til å gjera, men om fleire kampar og meir aktivitet gjev fotballen eit større klimaavtrykk bør ein truleg finna andre måtar å sørge for inntektsvekst. Meir effektiv og eigenprodusert fornybar energibruk, gjenbruk og utleige av areal og utstyr kan ve moglege inntektskjelder for klubbar i framtida. Reiche (2014) fann at mange Bundesliga-klubbar hadde eigen energiproduksjon og mange klubbar i Noreg har utleige av bussar og bygg, Sogndal Fotball leigar til dømes ut delar av sin fotballstadion til skular og som kontorlokale (Campus Sogndal, 2023).

NIF har gjennom Idrettsstyret ytra ynskje om å fokusera på mål 3, 5, 10, 12 og 13, med mål 17 som eit overordna mål (Ingebrigtsen, 2021). Det er bra at Idrettsforbundet ynskjer å jobba aktivt og har valt å prioritera nokon mål. Målet om God Helse stemmer godt med eit viktig mål med idretten, men sjølv om det å vera i aktivitet er sunt i utgangspunktet finn ein mange fallgruver: fysisk og mental helse kan også verte negativt påverka gjennom prestasjonspress, vektpress, skadar og aktørar i idretten kan utnytta utøvarane, til dømes seksuelt (Hanstad et al, 2021, s. 51). Fleire av klubbane tala om dette som eit viktig mål, eit nyckelmål, men éin kommenterte det som *«lågthengande frukt»* og at det ikkje er eit berekraftstiltak om *«ein ikkje gjer noko anna enn ein elles ville gjort.»*. På den eine sida kan ein sei det slik, at det vert for enkelt for klubbane å sei at det er eit viktig tiltak når det er noko dei uansett gjer, men på den annan side, so er det som nemnt utfordringar rundt fysisk og psykisk helse som idretten må ta tak i.

Målet om Likestilling mellom Kjønn vil i idretten gjerne handla om å gje like moglegheiter, representasjon, tilgang på utstyr, fasilitetar og konkurransar, samt å unngå diskriminering (Hanstad et al, 2021, s. 52-52). I 2021 vart Like Moglegheiter lansert som eit verdiprojekt som skal forsøkje å setje trykk på og betre jenter og kvinner sine moglegheiter til å driva på med og satsa på idrett, både som utøvarar og i verv (NIF, 2021). Det er eit bra steg, men synar samstundes at ein har eit stykke att for å nå målet. Prosjektet Like Moglegheiter vart for

ordens skuld starta før Idrettsstyret sine prioriterte berekraftsmål vart lansert. Det var få av intervjuua som nemnte noko om damelaget til klubben til dømes, sjølv om det var fleire som hadde det, og mange snakka om klubben som A-lag herrer fyrst og fremst. Arbeidet deira handla fyrst og fremst om A-lag herrer. Det har vore omfattande diskusjonar rundt likestilling i idretten, og mange store norske fotballklubbar satsar no på sine damelag, men det er framleis ein veg å gå.

Målet om Mindre Ulikheit kan i idretten handla om å leggje til rette for at alle utøvarar skal ha ein rettferdig moglegheit til å ve med eller hevda seg, men det kan også handla om å jamne ut skilnader i ressursbruk i dei ulike nasjonane so idrettsprestasjon vert mindre avhengig av økonomiske ressursar samt at fleire land kan vera med (Hanstad et al, 2021, s. 57-58). Ein rapport frå 2020 synte at mange idrettar er kostnadskrevjande og at økonomi difor kan vera ein barriere for deltaking (Oslo Economics, 2020, s. 4-6). Fotballen er forholdsvis billig, men ein ser ein tendens til stigande kostnader og at ein risikera å etterlata store talent som følgje, sist i mars var det kretsleiar i Oslo, Jo Evensen, som gjekk ut mot utfordringa (2023). Fleire av klubbane hadde ulike sosiale initiativ blant anna for å møte kostnadsutfordringa og å få med marginaliserte eller utsette grupper, til dømes med Gatelag. Det er sær viktig å halde flest mogleg i idretten, både med tanke på breiddefotballen og i høve til toppfotballen. Ein liten nasjon som Noreg utviklar ikkje fleire talent av at det er færre potensielle talent å ta av og det vert heller ikkje meir fotball av at det er færre fotballspelarar.

Målet om Ansvarleg forbruk og Produksjon kan enkelt relaterast til idretten om ein ser på utstyrsbehovet, livsløpanalysar og granskar produksjonsprosessen (Hanstad et al, 2021, s. 59-61). Det kan ein også relatera til klimapåverknaden (klesproduksjon har omtrent 8 % av det globale klimautsleppet årleg (UNEP, 2022) og arbeidshøva til dei som lagar produkta, der mange land har forferdelege høve (ITUC, 2022). Fotballen er ikkje noko annleis og må vurderer kva utstyr det er behov for, kor haldbart det er og kva kostnader det gjev klubben og spelarane. Nokon av klubbane hadde starta med initiativ til dømes bytebod der ein kunna koma innom og byte fotballsko sine. Ein klubb hadde samarbeid med ein sponsor som ville gje alle ungar med briller ein gratis aktivitetsbrille dei kunne nytta når dei spelte fotball. Fotball er ikkje den idretten som krevjer mest utstyr, men har kommersialisert utstyret sitt til eit nivå der ein tenar store pengar på å selje fotballdraktar, skjerf og anna supporterutstyr. Det ser ein ikkje med ski eller alpint til dømes. Det er ikkje mange som spring rundt med ein skidress eller alpinhjelme for å syna kva lag dei heiar på. Supportarutstyret er ein viktig inntektskjelde for klubbane, so det er ein interessant problemstilling rundt korleis klubbane

vil handtera problemstillinga. Det synar nok ein gong konflikten som gjerne oppstår mellom økonomisk vekst og miljøavtrykk.

Målet om å Stogge Klimaendringane handlar om å ta vare på naturen og det biologiske mangfaldet, samt å redusera CO₂-utsleppa for å unngå meir global oppvarming med dei effektane det vil ha på klimaet (Hanstad et al, 2021, s. 60). Idretten har allereie byrja å merka effektane av klimaendringane og ifølgje Goldblatt (2020) vil det berre verte verre om utfordringa held fram. Mål 13 var det mange av intervjupersonane som såg på som viktig og ynskja å gjera noko med, men berre eit fåtals av klubbane hadde gjort omfattande tiltak, som solceller, resirkulering, mindre bruk-og-kast. At klubbane ikkje har komt skikkeleg i gong er bekymringsverdig, spesielt ettersom regjeringa oppjusterte klimamålet til Noreg frå å kutta 40 % i utsleppa fram mot 2030 til å kutta 55 % (Regjeringen, 2022). Det er eit enormt mål, spesielt når ein tek med i vurderinga at ein berre har klart å kutta 4,7 % prosent sidan 1990 (tilnull, 2023). Skal ein ha sjans på å nå målet må også idretten bidra og då må klubbane vera med på laget. Det kan verke som norsk fotball ligg langt bak internasjonalt. Reiche (2014) skriv til dømes om ein rekkje sosiale og miljøvenlege tiltak frå klubbar i tysk Bundesliga. Det er allereie nesten 10 år sidan. Ein kan undra seg øve om ein skal berømme dei tiltaka som no vert gjort eller stilla spørsmål ved kvifor dei ikkje har komt før.

Er det slik at norsk idrett ved idrettsforbunda og klubbane verkeleg ynskjer endring eller er initiativa såkalla «grønvasking»? Det er eit omgrep som vil sei å promotera seg sjølv som ein berekraftig eining med miljømedvite og klimavenlege tiltak, i eit forsøk på å fronta seg positivt ovanfor samfunnet og marknaden, når reell innsats til berekraftig omstilling eigentleg er minimal (Furlow, 2010). Etter kvart som fleire har vorte meir miljøinteresserte aukar presset på organisasjonar og bedrifter på å gjera tiltak for miljøet og for å verte berekraftige. Det er for mange bedrifter og organisasjonar vanskeleg å verte berekraftige og mange veit heller ikkje korleis dei skal gå fram for å verte det, men veit at det er viktig å «vera» berekraftige (Holden & Linnerud, 2021, s. 135-138). Forsøker klubbane og idrettsforbundet å sleppe unna presset ved å late som ein har tenkt å gjera noko? Vil berekraftsarbeidet i idretten få like slakk oppfølging som Riksrevisjonen (2020) tykte om den nasjonale oppfølginga av berekraftsmåla? Nokon av intervjupersonane tykkjer fleire klubbar og aktørar gjer for lite og det er vanskeleg å ve ueinig i da.

Idrettens styringsorgan og element innanfor idretten har tidlegare fått kritikk for å drive med mangelfullt berekraftsarbeid eller grønvasking (Solbakken, Tombra & Sørhus, 2022). Blant

dei som har fått kritikk for å tale godt om egne berekraftsinitiativ samstundes som ein gjer handlingar som tilsynelatande er stikk i strid med initiativa er FIFA (Dufrasne, 2022) og IOC (Routledge, 2018, s. 248-249). Noregs idrettsforbund har unnlate å rapportere om eigen progresjon ved fleire høve, so det er vanskeleg å vurdere i kva grad initiativa vert fulgd opp (Hanstad et al, 2021). Når situasjonen er so alvorleg som FN (2023) meldar den er, so vil falske løfter ve særst uheldig.

André Horgen og Jan Ove Tangen (2019) stilte i ein kronikk spørsmål ved idrettens berekraft, spesielt i eit miljø-perspektiv, og dei undrast øve om idretten (og friluftslivet) i framtida vil ta ein annan form med mindre reising, mindre forureining og større grad av gjenbruk.

Samstundes etterlyser Horgen og Tangen (2019) at idrettsorganisasjonane skal ta ansvar og drive idretten på ein måte som er berekraftig. Underliggjande er paradokset i at folk søker naturen og dens opplevingar, samstundes som denne aktiviteten, særskilt reiseverksemda, er med på å øydeleggje naturen. Kronikken reiser spørsmålet ved kor store berekraftsutfordringane til idretten er og kva tiltak idretten har iverksatt og vil iverksetje? (Horgen & Tangen, 2019). Ingen av dei intervjuar har antyda at dei ynskjer mindre aktivitet, færre kampar, mindre reising og endra utstyrsbehov. Vil idretten og idrettsorganisasjonane i det heile makte eller tore å ta so store steg om det vert naudvendig?

Ulik bakgrunn og innsikt.

Intervjupersonane hadde svært variert bakgrunn. Nokon hadde arbeida med berekraft tidlegare i andre organisasjonar og bedrifter. Nokon var berekraftsansvarlege i klubbane sine og hyra spesifikt for å jobba med tematikken. Ein såg ikkje nokon vesentleg skilnad i engasjement og tankar rundt berekraft mellom dei som var daglege leiarar og dei som var berekraftsansvarlege, noko overraskande kanskje. Det var også enkelte daglege leiarar som kanskje hadde meir kompetanse enn ein kunne forvente.

Ein såg derimot ein vesentleg skilnad i tolkinga av berekraftsombegrepet som drøfta ovanfor. Bakgrunnen kan ha hatt påverknad, blant anna alder og tidlegare arbeid. Nokon organisasjonar og bedrifter har lenge jobba med berekraft på eige initiativ eller i samarbeid med andre, til dømes ActionNow-prosjektet og det er difor ikkje noko nytt for dei. Samstundes vert omgrepet kanskje nytta litt annleis no enn sånn Brundtland definerte det i 1987 (Brundtland & Dahl, 1987). Det vil truleg vera viktig i arbeidet framøve at norsk fotball kan einast om kva berekraft er og korleis ein jobbar med det. At det er heilheita av dei tre

tematikkane er jo til dømes sær viktig. Å selje fleire drakter vil jo gjera klubben tryggare økonomisk, men det er ikkje eit berekraftstiltak når produksjonen har stort miljøfotavtrykk (UNEP, 2022). Prosjekt som Football for the Goals kan vera med på å skape ein felles forståing av berekraft i norsk fotball og det er viktig.

Ulik motivasjon.

Det kjem fram at intervjupersonane har ulik motivasjon for å gjera berekraftsarbeid og fleire av dei peikar også på motivasjon sjølv, både innanfor eigen klubb, men og i høve til endringsprosessar hjå klubbar og enkeltpersonar.

Alle intervjupersonane hadde interesse for å tala om berekraft, ikkje berre dei berekraftsansvarlege, og sjølv om det kjem fram at klubbane er på ulike stadier av arbeidet er det ein entusiasme å spora i høve til prosjekta samstundes som fleire også erkjenner at dei i høve til berekraftsmåla har nedskalert ambisjonane sine til å berre dekkje eit par mål. Å avgrensa og prioritera er dog ikkje uvanleg og kan ve ein effektiv måte å sikra at ein faktisk får jobba med berekraft og kjem i gang med tiltak (Hanstad et al, 2021, s. 138-142)

Det er ikkje opplagt eller sikkert korleis det er best å jobba med berekraft. Nokon av intervjupersonane hadde jobbrolle som berekraftsansvarleg, andre som dagleg leiar. Ein intervjuperson nemnte at hen hadde møtt berekraftsansvarlege frå bedrifter som hadde blitt satt vekk på eit kontor og bedt om å jobba med berekraft. Om berekraft vert eit ansvar delegert ned i organisasjonen og dermed ikkje får påverknad på toppen eller i heile organisasjonen vil det vanskeleg verte effektiv arbeid (Hanstad et al, 2021, s. 38-42).

Fleire peikar på at det er blitt forventet av dei å jobba med berekraft, enten ein reell eller opplevd forventning. Forventninga kan koma frå myndigheitene som med EUs initiativ for å kutta ut gummigranulat, frå forbundet som i Football for the Goals-prosjektet, frå sponsorar eller andre. Det kom fram ulike meiningar om i kva grad sponsorane er ein pressfaktor.

Nokon meinte dei ikkje var det, andre sa at bedriftane gjerne ville sjå sponsinga bidra til samfunnsinitiativ, men ikkje hadde spesifisert nøyaktig kva det var. Det var ein tendens til at fleire av dei såg potensialet i berekraftsarbeidet som ein måte å få med sponsorar. Det har vore ein sentral tanke i ACTION NOW-prosjektet som Bodø/Glimt er engasjert i at; ein skal ikkje berre profilera sponsorar, men samarbeida om berekraftsinitiativ for ein betre verd (ActionNOW, 2022). Det har gjort Bodø/Glimt til eit svært attraktivt sponsorobjekt og det er

naturleg å tru at andre ynskjer å få den same effekten. Strømsgodset er også eit attraktivt sponsorobjekt og dei driv også aktivt med berekraft (ActionNOW, 2022).

Enkeltinitiativ eller systematikk

Eit viktig spørsmål i oppgåva var kven som hadde ansvar for berekraftsarbeidet i klubben, om dei jobba med det, og om det var systematikk og ein plan bak det dei gjor eller spreidde enkeltinitiativ. Intervjupersonane hadde ein del tankar om det, nokon klubbar var i gong med å jobba systematisk, andre i ferd med å planleggja korleis ein skulle jobba systematisk. Nokon klubbar hadde ansatt ein eigen berekraftsansvarleg, i andre klubbar var det dagleg leiar som var ansvarleg. Alle gav inntrykk av at berekraftsprojekta krevde fleire personar og at det ikkje var enkeltinitiativ. Det var ein person som var hovudansvarleg for prosjektet, men det varierte kva rolla til denne personen var. Nokon skulle leia prosjektet og vera med heile vegen, andre skulle setja i gong tiltak og deretter finna nye tiltak å jobba med. Her er norske klubbar eit godt stykke bak internasjonalt, der Bundesliga-klubbane til dømes har eigne avdelingar med fleire ansatte og økonomiske midlar til å jobba med berekraftsprosjekt (Reiche, 2014). Ein intervjuperson sa at han ynskja å vera ein initiativtakar og ha tiltak som var sjølvforsterkande og gav kjapp tilbakemelding, sånn at folk kunne sjå at det funka og få motivasjon til å jobba vidare med det. Korleis få til gode endringsprosessar kan vera svært viktig i berekraftsarbeidet.

Verdien i funna

Ein har fyrst og fremst funne at klubbar er bevisst på og jobbar med berekraft. Det er gledelege nyheiter for dei som tenker at fotballen er bakstrebersk og ikkje heng med i tida. Det er ikkje dermed sagt at klubbane gjer mykje eller nok, men dei gjer noko.

Berekraftsmåla vart nytta av mange av klubbane og alle intervjupersonane kjente til dei, noko som gjer at dei kan vera ein nyttig referanse og eit brukandes verktøy. Dei som nyttar dei hadde vurdert dei kritisk, gjerne avgrensa og prioritert enkelte mål. Dette er i tråd med Holden & Linneruds tankar om at det kanskje er for mange mål og umogleg å fokusera på alle (2021, s. 52-53).

I dei to øvste divisjonane kjem pilotprosjektet Football for the Goals no i gong, det vil truleg gje press og hjelp til dei klubbane som slit med arbeidet eller ikkje er komt i gong (Haavik, 2022).

Styrkar og utfordringar med studien

Studien er so vidt ein veit, etter omfattande søk, den einaste som tek for seg klubbleiarar i norsk fotball og berekraft i eit vitskapleg skriv. Det er ein vesentleg skilnad frå klubbanes egne skriv, pressemeldingar og intervju med pressa. Det har vore ein vesentleg auke i skriveperioden, men det er framleis forholdsvis lite forskning på området, også internasjonalt.

Ein har gjennom intervjuja fått innsyn i kva perspektiv dei daglege leiarane har på berekraft, dei har fortalt om eigen klubb og korleis dei opplever fotballen generelt og ein har fått det innblikket ein ynskja gitt oppgåvas problemstilling, men ein har òg fått innblikk utover problemstillinga, blant anna i høve mekanismane som påverka klubbane.

Det har vore viktig, men òg utfordrande å forsøkje å finne ein passende problemstilling og avgrensa oppgåva. Ein starta med ein problemstilling, men har endra fleire gongar undervegs. Det kan ve ein styrke for det gjer at problemstillinga samsvarar meir med det ein har funne ut, men det kan også ve ein svakheit for nokon ting kan ein ikkje endra på undervegs.

Intervjuguiden til dømes er laga med den gamle problemstillinga i fokus. Ein opplever likevel at den passar godt til den nye problemstillinga også, men gjev noko urelevant data.

Kven som har stilt til intervju har blitt drøfta. Ein kan sjå på det som eit problem, men oppgåva kan uansett ikkje sei noko om ståa i norsk fotball generelt utover det som er komt fram i intervjuja og det ein har funne av bakgrunnsstoff. Om ein tenkte at ingen i norsk fotball jobba med berekraft er det motbevist, men ein kan ikkje sei kor mange som jobbar med det.

Ein lukkast ikkje med å oppfylle dei opprinnelege kriteria for utvalet. Intervjupersonane har ikkje same jobbrolle og ikkje alle har meir enn tre års ansiennitet. I høve til å snakka omfattande om klubben og berekraftsarbeid er det ikkje ideelt. Det kan dermed ve vanskelegare for dei å snakka om berekraft i klubben. For berekraft i fotballen generelt anser ein det ikkje som eit problem.

Teoriar

I høve til Arne Næss sine tankar om djup økologi er det ingen av intervjupersonane som har nemnt noko om at dei trur fotballen må endra sine rammebetingingar eller at dei tek med andre enn menneske i vurderingane sine rundt handlingar i klubben. Det er eit perspektiv som truleg vil verte meir aktuelt i åra framøve ettersom berekraftsmål nr. 13 blant anna legg fokus på å sikra biologisk mangfald og hindra klimaendringar. Fotballklubbars verksemd i moderne tid har fleire uheldige konsekvensar for dette. Store grasbaner tek vekk naturmangfaldet som igjen førar til lite biologisk mangfald og kunstgrasbanar gjev endå verre høve. Fotballen har stort klimaavtrykk med utstyrsbehov, anleggsbehov, reising og ressursbruk. I likheit med Horgen & Tangen (2019) argumentera Næss (Breivik, 2019) for at ein kanskje må finna tilbake til idrettens eigenverdi og tilpasse idretten til eit berekraftig klimaavtrykk.

Intervjupersonane gav inntrykk av at dei såg for seg å løyse berekraftsutfordringa med berekraftsmåla og nokon få prioriterte mål. Vil idretten kunne omstilla so dramatisk som Næss førespegla?

Det kan verte naudvendig. Planetens tolegrenser er eit sett definerte grensar for når planetens ressursar ikkje lenger kan dekkje menneskas behov på ein måte som er berekraftig (Hanstad et al, 2021, s. 34-35). Om til dømes ein by nyttar meir grunnvatn enn det som vert tilbakeført vil ein til slutt gå tom for vatn og ein kan ikkje lengar nytta grunnvatn som vasskjelde. Idretten legg gjennom sitt virke til rette for meir menneskeleg aktivitet og vil dermed gje eit høgare klimaavtrykk. Fotballsupportarar som dreg til England berre for å sjå favorittklubben skapar dermed større klimaavtrykk enn dei elles ville hatt. Forhaldsvis mange supportarar ser på seg sjølv som trufaste følgjarar av laget landet rundt (Loewen & Wicker, 2021). Om fotballen skal verte berekraftig må ein unngå handlingar som legg press på planetens tolegrenser. Korleis skal ein få til det?

Det var eit problem fleire av intervjupersonane var bevisst, både i høve til klimaavtrykket og utfordringane med delar av fotballverksemda. Nokon av dei hadde starta å gjera tiltak, til dømes leige bussar til å frakte supportarar, reisa med mindre klimaavtrykk, unngå overforbruk og sikra gjenbruk samt å nytte fornybare energikjelder. Ein av intervjupersonane meinte det måtte gjerast meir for å oppmoda til å gjera berekraftige initiativ og peikte på at det måtte vera økonomi i det for at mange skulle gjera berekraftige initiativ.

Det samsvarar godt med teorien om økologisk modernisering. Ved ein vellykka prosess vil det berekraftige alternativet vera det beste, i høve til økonomi, sosiale omsyn og miljøet

(Hanstad et al, 2021, s. 36-37). Intervjupersonen sitt forslag om at idrettslag burde belønnast økonomisk for å gjera berekraftsinitiativ kan vera ein måte å oppnå økologisk modernisering. Ein viss formell regulering i form av økonomisk incentiv kan bidra til institusjonell læring og med grøn vekst som fylgje (Hanstad et al, 2021, s. 36-37). Intervjupersonen meinte det var viktig at andre institusjonar gjekk føre som gode døme og hjelp til. Tankane samsvarer godt med den overordna tanken til Idrettsforbundet: mål nr. 17 – Idretten må samarbeida om å nå måla.

Vegen vidare

Ein interessant innvending mot berekraftsomgrepet er Holden, Linnerud og Bannister sin artikkel som delar opp omgrepet for å lettare forstå essensen i det ettersom det kan vera vanskeleg å tolka omgrepet (2014). Dei har delt opp omgrepet i følgjande underpunkt:

1. Økologisk berekraft.
2. Grunnleggjande behov.
3. Likheit mellom generasjonane.
4. Likheit i ein generasjon.

Delt opp på denne måten vert berekraftsomgrepet mindre om berekraftig utvikling og i mine auge meir om korleis ein ser for seg framtidens samfunn. Kvart underpunkt opnar opp eit interessant spørsmål:

1. Vil framtidige generasjonar kunne leve vidare som oss eller vil dei måtte tilpasse seg dramatisk til ein ny kvardag med heilt andre premisser? Om klimaet og miljøet endrar seg dramatisk vil dei kanskje måtte finna heilt andre måtar å overleve på.
2. Kva vil dei grunnleggjande behova for komande generasjonar ve og vil dei kunne dekkje dei?
3. Vil neste generasjon få like gode høve som denne generasjonen eller vil dei måtte leve under heilt andre vilkår?
4. Vil ressursane fordelast jamt mellom land og folk, og skilnaden mellom rik og fattig vera liten eller vil skilnadene auke i framtida?

Eg tykkjer spørsmåla er interessante for eg har hatt ei veksande bekymring for framtida og korleis den vert. Eg hadde eit kynisk blikk på korleis ein arbeida med berekraft i fotballen før eg starta på oppgåva og sjølv om det har dukka opp ein del interessant undervegs undrar eg framleis på kva rolle fotball vil ha i framtidas samfunn. Fotballspelarar, i likheit med andre idrettsutøvarar og folk i underhaldningsbransjen, er vel ikkje dei som er best stilt om verda vert katastroferåka? Om ein til dømes vert råka av matmangel, vil ein då prioritera å nytte pengar på underhaldning? Eller kva om ein vert ramma av ein plutselig naturkatastrofe?

Pakistan vart ramma av ein ekstremflaum i 2022 og fleire millionar menneske flykta frå heimane sine (Paszkievicz, 2022). Vegar, sjukehus og andre bygningar vart øydelagt (Paszkievicz, 2022). Når alt skal byggast opp att må det prioriterast. Kvar i prioriteringa kjem då idrettsanlegga? Flaum er ikkje eit nytt fenomen for Pakistan, det er å forvente. Politikarane har seinare fått kritikk for at berekraftsarbeidet har vore dårleg koordinert og politisk handtert (Qamar, 2022). Når ein ikkje evnar å jobba godt med berekraft gjev ein seg sjølv dårlegare forutsetningar ettersom klimaendringane då vert sterkare og dei potensielle øydeleggjingane større. Dårleg berekraftsarbeid på nasjonal basis kan sånn sett kanskje skape problem for både landets infrastruktur og dårlegare høve for idrett. Det kan verte vanskelege høve for å finansiera idrett eller finne arenaer for det. Klimaet kan blant anna skape trøbbel for vinteridrettane.

Kanskje må ein finna heilt nye arenaer for å driva idrett på? Det har blant anna vore diskutert i høve til vinter-idrettane. Og kva med dei som skal byggje nye anlegg? Kva prioriteringar vil dei gjera? Ein har sett tendensar til ynskjer om å byggje berekraftige arenaer, men det er framleis meir eit ynskje enn reelle krav (Kellison & Hong, 2015). At vinter-idrettane vert finansiert av bedrifter eller organisasjonar som gjennom sin verksemd forårsakar klimaendringar er heller ikkje heldig, som Equinor og Skiforbundet til dømes (Solbakken et al, 2022). Fotballen har òg ein rekkje uheldige sponsorar (Rothstein 2021, s. 126-130). Og korleis har fotballen tenkt å løysa supportarutfordringa? Mange supportarar følgjer laget rundt omkring og aukar sitt klimaavtrykk vesentleg i prosessen (Loewen & Wicker, 2021). Skal kampar gå utan supportarar, utan bortesupportarar, må klubben ordna kollektiv reise? Det er mykje som kan verte naudvendig å gjera rundt denne utfordringa.

Om høva vert verre for neste generasjon, vil idrett og fotball ha ein rolle i samfunnet eller vil folk vera for opptekne med å dekkja sine grunnleggjande behov? Om det vert ressursmangel og til dømes mat kostar meir, kven vil då prioritera å nytte pengar på idrett? Svært få trur eg.

Mykje tyder på at kvardagen vil endra seg vesentleg i åra framøve. Slik eg ser det er da i hovudsak to alternativ ein står ovanfor: enten å tilpassa seg og forsøkje å leva berekraftig med håp om at det hindrar dei verste klimaendringane eller å måtte tilpasse seg når klimaendringane førar til hendingar som krevjer det, som tilfellet i Pakistan der mange er blitt heimlause etter den siste flaumen (Paszkievicz, 2022).

Horgen og Tangen (2019) peikar på drastiske grep for å gjera idretten berekraftig nok og oppmodar organisasjonane til å setje harde krav, blant anna færre kampar og konkurransar, begrensingar på utstyr og reguleringar på anleggsbruk (Horgen & Tangen, 2019). I intervjuet var det ingen som antyda behovet for so drastiske grep og dei var heller ikkje einige i at organisasjonane burde setje krav. Éin var direkte ueinig i at organisasjonane burde setje for mange krav, men var til likheit med dei andre oppteken av at organisasjonane bør ve gode døme. Fleire meinte Fotballforbundet sitt initiativ med Football for the Goals var bra. Det er litt interessant for det er jo i utgangspunktet eit prosjekt som tvingar klubbane inn i eit rammeverk med forventningar. Kanskje er fordelene i det at prosjektet forpliktar alle klubbane til å jobba med berekraft, som i utgangspunktet betyr at alle må nytta ressursar på det i staden for at berre enkelte gjer det? Få klubbar vil kanskje prioritera vekk midlar frå sportssatsinga til fordel for berekraftsprosjekt? Som ein intervjuperson sa: «Hadde det vore ulønnsamt so er det nok berre me som hadde gjort lite gran.».

Ein annan viste til utfordringa med å overtyda nokon som jobba på sport-avdelinga om kvifor ein burde nytta midlar på berekraft. Motargumentet var då ofte at berekraft ikkje gjev eit betre fotball-lag og at ein difor måtte nytta midlane på å gjera laget betre, noko som ofte betyr å kjøpa spelarar. Med dagens marknadsprisar er spelarkjøp veldig lite økonomisk effektivt, ein kunne gjort ein mengde tiltak i klubben for dei same midlane, men det er likevel ofte spelarkjøp ein veljar å nytta midlane på.

At Football for the Goals-prosjektet tvingar alle klubbane til å nytte midlar gjer dermed litt for at ikkje nokon klubbar kan droppa det og nytte sparte midlar på å investera i laget og gje seg sjølv ein midlertidig konkurransefordel. Å finna måtar å få alle klubbane til å jobba med berekraft og finansiera det vil difor vera ein viktig utfordring framøve. Om klubbane ikkje følar dei får økonomisk gevinst kan det vera lett for at dei droppar det for å prioritera sportssatsinga.

Konklusjon

Denne oppgåva har teke for seg berekraft innanfor fotballen gjennom kvalitativ metode der ein har intervjuet 6 daglege leiarar eller berekraftansvarlege i norske fotballklubbar i dei to øvste divisjonane i Noreg. Ein har forsøkt å få innsikt i deira perspektiv på berekraft i fotballen og klubbane.

Intervjupersonane var introdusert for, og hadde ein forståing av, omgrepet berekraft frå før.

Alle hadde tankar om berekraftsmåla, men det var ulikt i kva grad dei nytta dei i arbeidet sitt. Mange tenkte mykje på miljø og ynskja å gjera meir med utgangspunkt i miljø. Det var fleire som trakk fram at som fotballklubb var dei sterke på dei sosiale måla. Fleire uttrykte økonomi som ein utfordring for å kunne jobba med måla. Mange uttrykte utfordringa med at det er mange mål og at det er veldig vanskeleg å få til alle, ein kritikk som liknar mykje på den frå Holden & Linnerud (2021 & 2022).

Ein fann at fleire klubbar jobba med berekraft og opp mot berekraftsmåla, fleire hadde gjort det i ein årrekkje. Nokon hadde starta arbeidet med grunnlag i berekraftsmåla, andre hadde hatt andre grunnar til å starte arbeidet og seinare introdusert berekraftsmåla som grunnlag for arbeidet. Fleire lag hadde jobba lenge med sosiale prosjekt som gatelag, inkluderingstiltak og å få med mange i aktiviteten.

Tiltak for å hjelpa på økonomiske høve var komt i gong fleire stader, nokon stader med bakgrunn i berekraftsmåla, andre stader uavhengig. Desse var blant anna økonomisk stønad for å dekkje medlemskontingent, gratis billetter til kampane og arrangement i feriane for dei som ikkje var vekkrest. Det var også komt i gong nokon tiltak retta mot miljø som solcelleanlegg, resirkulering, gjenbruk, hindra matsvinn og mindre energikrevjande reisemiddel på bortekampar.

Ein fann at klubbane var på ulike stadiar av berekraftsarbeidet sitt. Nokon klubbar hadde allereie utarbeida strategiar, planar og rutinar. Andre var komt i gang, men hadde også liknande tiltak frå før. Nokon arbeida med å koma i gong, utarbeida prosjektplanar og vurderte kva dei kunne gjera. Alle klubbane hadde gjort noko, men det var ulike motivasjonar for det som var gjort og ikkje naudvendigvis ein heilheitleg plan bak det heile. Undervegs i prosjektet lanserte Fotballforbundet prosjektet Football for the Goals som vil omfatta alle klubbane.

Ein har skaffa data som kan gje innsyn i perspektivet til nokon klubbleiarar, men ein anser ikkje funna som representative for heile yrkesgruppa. Meir forskning er naudvendig på dette stadiet om ein ynskjer å finne ut meir og kunne trekkje større slutningar. Ein ser òg ein vesentleg utvikling med forskning på området og antar at det vil påverke klubbleiarane i åra framøve. Ein trur difor det vert eit behov for nye studier og meir forskning er ynskeleg på området generelt då det er ein stor tematikk med mange problemstillingar.

Litteraturliste

- Abbass, K., Qasim, M. Z., Song, H., Murshed, M., Mahmood, H., & Younis, I. (2022). A review of the global climate change impacts, adaptation, and sustainable mitigation measures. *Environmental Science and Pollution Research International*, 29(28), 42539–42559. <https://doi.org/10.1007/s11356-022-19718-6>
- ActionNow. (2022, 04.10). *Norges mest attraktive sponsorobjekt på klubbnivå*. ActionNow.no. Henta frå: <https://actionnow.no/nyheter/norges-mest-attraktive-sponsorobjekt-pa-klubbniwa/>
- BBC. (2023, 14.03). *World Cup 2026: Fifa switches back to four-team group format*. BBC.com. Henta frå: <https://www.bbc.com/sport/football/64952428>
- Breivik, G. (2019). *What would a deep ecological sport look like? The example of Arne Naess*. *Journal of the Philosophy of Sport*, 46(1), 63–81. <https://doi.org/10.1080/00948705.2019.1566003>
- Brundtland, G. H., & Dahl, O. (1987). *Vår felles framtid* (p. 257). Tiden norsk forlag.
- Campus Sogndal. (2023). *Kontakt oss*. Campus Sogndal. Henta frå: <https://www.campussogndal.no/kontakt-oss>
- Carlsen, Stine. (2022, 11.11). *Idrettsplassen under vatn: – Fleire millionar er gått tapt*. Avisa Hordaland. Henta frå: <https://www.avisahordaland.no/idrettsplassen-under-vatn-fleire-millionar-er-gatt-tapt/s/5-132-468605>
- Daddi, T., Rizzi, F., Pretner, G., Todaro, N., Annunziata, E., Frey, M., & Iraldo, F. (2021). Environmental management of sport events: a focus on European professional football. *Sport, Business and Management*. <https://doi.org/10.1108/SBM-05-2020-0046>
- Dahl. (2010). Green washing: Do you know what you're buying? *Environmental Health Perspectives*, 118(6), A246–252. <https://doi.org/10.1289/ehp.118-a246>
- Dufasne, Gilles. (2022, 31.10). *Poor tackling: Yellow card for 2022 FIFA World Cup's carbon neutrality claim – Updated*. Carbonmarketwatch.org. Henta frå: <https://carbonmarketwatch.org/publications/poor-tackling-yellow-card-for-2022-fifa-world-cups-carbon-neutrality-claim/>

EFL. (2021, 11.10). *EFL launch League wide initiative to support Clubs on environmental journey*. EFL. Henta frå: <https://www.efl.com/news/2021/october/efl-launch-league-wide-initiative-to-support-clubs-on-environmental-journey/>

Evensen, Jo. (2023, 30.03). *Men hva er det som koster, da? Og hvem skal betale?*

Aftenposten.no. Henta frå:

<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/O8a9zb/men-hva-er-det-som-koster-da-og-hvem-skal-betale>

FIFA. (2018, 12.12). *FIFA joins the UN Sports for Climate Action Framework*. FIFA.com.

Henta frå: [https://www.fifa.com/social-impact/fifa-](https://www.fifa.com/social-impact/fifa-foundation/sustainability/news/fifa-joins-the-un-sports-for-climate-action-framework)

[foundation/sustainability/news/fifa-joins-the-un-sports-for-climate-action-framework](https://www.fifa.com/social-impact/fifa-foundation/sustainability/news/fifa-joins-the-un-sports-for-climate-action-framework)

FIFA. (2021). Sustainability. Henta frå: [https://www.fifa.com/social-impact/fifa-](https://www.fifa.com/social-impact/fifa-foundation/sustainability)

[foundation/sustainability](https://www.fifa.com/social-impact/fifa-foundation/sustainability)

FIFA. (2021, 03.11). *COP26: FIFA commits to net-zero emission by 2040 and launches FIFA*

Climate Strategy. FIFA.com. Henta frå: [https://www.fifa.com/media-releases/cop26-](https://www.fifa.com/media-releases/cop26-fifa-commits-to-net-zero-emission-by-2040)

[fifa-commits-to-net-zero-emission-by-2040](https://www.fifa.com/media-releases/cop26-fifa-commits-to-net-zero-emission-by-2040)

FIFA. (2023). *Climate change is affecting us all*. FIFA.com. Henta frå:

<https://www.fifa.com/social-impact/sustainability/climate-pledge>

FIFA. (2023). *Date set for FIFA World Cup 2026™ final*. FIFA.com. Henta frå:

[https://www.fifa.com/fifaplus/en/articles/date-set-for-2026-world-cup-final-canada-](https://www.fifa.com/fifaplus/en/articles/date-set-for-2026-world-cup-final-canada-mexico-usa)
[mexico-usa](https://www.fifa.com/fifaplus/en/articles/date-set-for-2026-world-cup-final-canada-mexico-usa)

FIFA. (2023). *Sustainability*. Fifa.com. Henta frå: [https://www.fifa.com/social-](https://www.fifa.com/social-impact/sustainability)
[impact/sustainability](https://www.fifa.com/social-impact/sustainability)

FIFA. (2023, 14.03). *Date set for 2026 FIFA World Cup final*. Fifa.com. Henta frå:

[https://www.fifa.com/fifaplus/en/articles/date-set-for-2026-world-cup-final-canada-](https://www.fifa.com/fifaplus/en/articles/date-set-for-2026-world-cup-final-canada-mexico-usa)
[mexico-usa](https://www.fifa.com/fifaplus/en/articles/date-set-for-2026-world-cup-final-canada-mexico-usa)

FN. (2022, 25.07). *Norge i front med bærekraftig fotball*. Unric.org/no. Henta frå:

<https://unric.org/no/norge-i-front-med-baerekraftig-fotball/>

FN. (2023). *FNs bærekraftsmål*. FN-sambandet. Henta frå: [https://www.fn.no/om-fn/fns-](https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal)

[baerekraftsmaal](https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal)

FNs berekraftsmål. 2021. Regjeringen.no [bilete]. Henta frå:

https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/sdg_oversikt/id2505654/

Folvik, Herman & Schjesvold, Fredrik. (2023, 27.04). *REAGERER KRAFTIG PÅ POLITIKERNE ETTER FORBUD: – MYNDIGHETENE ER SÅ PASSIVE*. VG.NO.

Henta frå: <https://www.vg.no/sport/fotball/i/wA0k11/einar-haandlykken-reagerer-kraftig-paa-politikerne-etter-gummigranulat-forbud-myndighetene-er-saa-passive>

Furlow, N. E. (2010). Greenwashing in the new millennium. *The Journal of Applied Business and Economics*, 10(6), 22. Henta frå: <http://www.m.www.na-businesspress.com/JABE/jabe106/FurlowWeb.pdf>

Granaasen, Aurora. (2022, 06.07). *FN OG UEFA LANSERER «FOOTBALL FOR THE GOALS» - MED NORGE SOM PILOT*. Eliteserien.no. Henta frå:

<https://www.eliteserien.no/nyheter/FN-og-UEFA-lanserer-footballforthegoals>

Hanstad, D. V., Sandvik, M. R., & Strittmatter, A.-M. (2021). *Idrett og bærekraft : perspektiver på miljø- og samfunnsansvar i idrettens organisasjoner* (1. utgave.). Fagbokforlaget.

Harris, Nick. (2007, 01.03). *Why Fifa's claim of one billion TV viewers was a quarter right*.

The Independent. Henta frå: <http://www.independent.co.uk/sport/football/news-and-comment/why-fifas-claim-of-one-billion-tv-viewers-was-a-quarter-right-5332287.html>

Hjerm, Mikael & Lindgren, Simon. (2011). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig analyse*. Oslo: Gyldendal.

Holden, & Linnerud, K. (2021). *Bærekraftig utvikling : en idé om rettferdighet*.

Universitetsforlaget.

Holden, Erling & Linnerud, Kristin. (2022, 05.04). *FNs bærekraftsmål – veike, vage og verdiløse?* Cicero.oslo.no. Henta frå: <https://cicero.oslo.no/no/artikler/fns-baerekraftsmal--veike-vage-og-verdilose>

<https://cicero.oslo.no/no/artikler/fns-baerekraftsmal--veike-vage-og-verdilose>

Holden, Erling, Linnerud, Kristin, & Banister, David. (2014). Sustainable development: Our Common Future revisited. *Global Environmental Change*, 26(1), 130–139.

<https://doi.org/10.1016/j.gloenvcha.2014.04.006>

Holm, Jan & Pedersen, Ole Petter. (2023, 23.01). *Norges Fotballforbund*. SNL. Henta frå:

https://snl.no/Norges_Fotballforbund

Horgen, André & Tangen, Jan Ove. (2019, 30.06). *Jakten etter seier i idretten og «unike» opplevelser i friluftslivet er uforenelig med bærekraft*. Forskersonen.no. Henta frå:

<https://forskersonen.no/helse-kronikk-meninger/jakten-etter-seier-i-idretten-og-unike-opplevelser-i-friluftslivet-er-uforenelig-med-baerekraft/1354560>

Haavik, Yngve. (2022, 06.07). *FN og UEFA lanserer «Football For The Goals» - med Norge som pilot*. Fotball.no. Henta frå:

<https://www.fotball.no/tema/nff-nyheter/2022/fn-og-uefa-lanserer-football-for-the-goals----med-norge-som-pilot/>

Haavik, Yngve. (2023, 27.02). *NFF ber norske myndigheter om EU-hjelp*. Fotball.no. Henta

frå: <https://www.fotball.no/tema/nff-nyheter/2023/nff-ber-norske-myndigheter-om-eu-hjelp/>

Idrettsforbundet. (2022 29.09). *Nøkkeltall for norsk idrett i 2021*. Idrettsforbundet.no. Henta

frå: <https://www.idrettsforbundet.no/nyheter/2022/ny-sidenokkeltallsrapport-for-norsk-idrett-i-2021/>

Ingebrigtsen, P. (2021, 25.11). *Sammen om bærekraft*. Idrettsforbundet.no. Henta frå:

<https://www.idrettsforbundet.no/nyheter/2021/sammen-om-baerekraft/>

IOC. (2021). *Sustainability*. Henta frå: <https://olympics.com/ioc/sustainability>

IPCC. (2022, 08.03). *Climate Change 2022*. IPCC. Henta frå:

https://report.ipcc.ch/ar6wg2/pdf/IPCC_AR6_WGII_FinalDraft_FullReport.pdf

ITUC. (2022, 28.06). *Multiple areas of crisis see workers' rights crumble: 2022 ITUC*

Global Rights Index. ITUC-csi.org. Henta frå: <https://www.ituc-csi.org/2022-global-rights-index-en>

Jacobsen, Anders. (2022, 30.04). *Har det blitt for dyrt å spille fotball?* NRK.no. Henta frå:

https://www.nrk.no/ytring/har-det-blitt-for-dyrt-a-spille-fotball_-1.15940067

Johnsen, Lars. (2021). *Krigen om kunstgresset*. Josimar. Henta frå:

<http://magasin.josimar.no/artikkel/1644>

Kellison, T. B., & Hong, S. (2015). The adoption and diffusion of pro-environmental stadium design. *European Sport Management Quarterly*, 15(2), 249–269.

<https://doi.org/10.1080/16184742.2014.995690>

Kulturdepartementet. (2015, 29.06). *Kunstgressboka*. Regjeringen.no. Henta frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-kunstgressboka-v-0975-b/id2425810/>

Kuper, Simon & Szymanski, Stefan. (2018). *Soccernomics*. Harpercollins Publishers.

Kvale, S., Brinkmann, S., Anderssen, T. M., & Rygge, J. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg., p. 381). Gyldendal akademisk.

Lien, Kyrre. (2022, 31.03). *QATAR VIL ARRANGERE MILJØVENNLIG VM: – KLASSISK*

GRØNNVASKING. VG.no. Henta frå: <https://www.vg.no/sport/i/Kzk7p5/qatar-vil-arrangere-miljoevennlig-vm-klassisk-groennvasking>

Loewen, C., & Wicker, P. (2021). Travelling to Bundesliga matches: the carbon footprint of football fans. *The Journal of Sport Tourism*, 25(3), 253–272.

<https://doi.org/10.1080/14775085.2021.1932562>

McCullough, B. P., & Kellison, T. B. (2018). *Routledge handbook of sport and the environment* (pp. xxvii, 467). Routledge. Henta frå:

<file:///C:/Users/Torst/Downloads/9781317214175.pdf>

NFF. (2017). *Kostnader i barne- og ungdomsfotballen*. Fotball.no. Henta frå:

<https://www.fotball.no/contentassets/d952a746390e43c1a5a4049e5f0d786f/kostnader-i-barne--og-ungdomsfotballen.pdf>

NIF. (2021, 27.05). *Samarbeider om likestilling*. Idrettsforbundet.no. Henta frå:

<https://www.idrettsforbundet.no/nyheter/2021/samarbeider-om-likestilling/>

NIF. (2023). *Idrett og bærekraft*. Idrettsforbundet.no. Henta frå:

<https://www.idrettsforbundet.no/tema/idrett-og-barekraft/>

NIF. (2023). *Idrettsforbundet.no*. Henta frå: <https://www.idrettsforbundet.no/>

Oslo Economics & Hanstad, Dag Vidar. (2020, 04.03). *Økonomi som barriere for idrettsdeltakelse - kostnader og kostnadsdrivere i barne- og ungdomsidretten* (rapport 2020-12). Kulturdepartementet. Henta frå:

<https://www.idrettsforbundet.no/contentassets/3fe6730b22234aeaa0b30af830478e9a/2020-okonomi-som-barriere---kostnader-og-kostnadsdrivere-i-barne--og-ungdomsidretten-endelig-rapport-04.03..pdf>

Panagiotopoulou, R. (2014). The legacies of the Athens 2004 Olympic Games: a bitter-sweet burden. *Contemporary Social Science*, 9(2), 173–195.
<https://doi.org/10.1080/21582041.2013.838297>

Paszkievicz, Zofia. (2022, 04.10). *Flommen i Pakistan: Regnet har stoppet, men situasjonen er blitt verre*. NRK.no. Henta frå: https://www.nrk.no/urix/flommen-i-pakistan_-regnet-har-stoppet_-men-situasjonen-er-blitt-verre-1.16118145

Prof. Dr. Daam Van Reeth. (2016). *Methodological pitfalls in analysing TV audiences for sport*. Henta frå: <http://docplayer.net/34741072-Methodological-pitfalls-in-analysing-tv-audiences-for-sport.html>

Qamar, M. U. (2022). Pakistan floods: improve public's grasp of climate change. *Nature* (London), 610(7932), 448–448. <https://doi.org/10.1038/d41586-022-03292-5>

Regjeringen. (2021). *Voluntary National Review*. Regjeringen.no. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/cca592d5137845ff92874e9a78bdadea/no/pdfs/voluntary-national-review-2021.pdf>

Regjeringen. (2022, 03.11). *Nytt norsk klimamål på minst 55 prosent*. Regjeringen.no. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/nytt-norsk-klimamal-pa-minst-55-prosent/id2944876/>

Reiche, D. (2014). Drivers behind corporate social responsibility in the professional football sector: a case study of the German Bundesliga. *Soccer and Society*, 15(4), 472–502.
<https://doi.org/10.1080/14660970.2013.842877>

Riksrevisjonen. (2020, 17.11). *Riksrevisjonens undersøkelse av styring av og rapportering på den nasjonale oppfølgingen av bærekraftsmålene*. Dokument 3:3 (2020–2021). Riksrevisjonen. Henta frå: <https://www.riksrevisjonen.no/globalassets/rapporter/no-2020-2021/styring-av-og-rapportering-pa-den-nasjonale-oppfolgingen-av-barekraftsmalene.pdf>

Rosenthal, B., & Cardoso, F. (2015). "There will not be a World Cup": The Kratophanous Power of the FIFA 2014 World Cup in Brazil. In *Consumer Culture Theory* (Vol. 17,

pp. 367–399). Emerald Group Publishing Limited.

<https://www.emerald.com/insight/content/doi/10.1108/S0885-211120150000017018/full/html>

Rothstein, Oskar. (2021). Fotballens arabiske vår. *Josimar*, 03/2021, 126-130.

Rubin, Herbert J. & Rubin, Irene. (2012). *Qualitative interviewing – The Art of Hearing Data*. 3. utg. Sage.

Rydland, Mats. (2018, 03.10). *Disse Tromsø-jentene er tatt ut på Samelandslaget: Målet er å bli verdens beste*. Aftenposten.no. Henta frå:

<https://www.aftenposten.no/sport/fotball/i/opMqeV/disse-tromsoe-jentene-er-tatt-ut-paa-samelandslaget-maalet-er-aa-bli-verdens-beste>

Sachs, J. D., Kroll, C., Lafortune, G., Fuller, G., & Woelm, F. (2022). *Sustainable development report 2022 : from crisis to sustainable development: the SDGs as roadmap to 2030 and beyond*. Cambridge University Press.

SDG. (2023). *Norway*. Sustainable Development Report. Henta frå:

<https://dashboards.sdgindex.org/profiles/norway>

Skjønsberg, Morten. (2023, 08.05). *Rekordhøye inntekter og kostnader i alle lisensierte ligaer*. Fotball.no. Henta frå: [https://www.fotball.no/tema/nff-](https://www.fotball.no/tema/nff-nyheter/2023/rekordhoye-inntekter-og-kostnader-i-alle-lisensierte-ligaer/)

[nyheter/2023/rekordhoye-inntekter-og-kostnader-i-alle-lisensierte-ligaer/](https://www.fotball.no/tema/nff-nyheter/2023/rekordhoye-inntekter-og-kostnader-i-alle-lisensierte-ligaer/)

Solbakken, H; Tombra, F & Sørhus, M. (2022, 09.12). *Mener Equinor «misbruker» skisporten: – Som om et tobakksselskap skulle sponset kreftforeningen*. NRK. Henta frå: [https://www.nrk.no/sport/mener-equinor- misbruker -skisporten - -som-om-et-tobakksselskap-skulle-sponset-kreftforeningen-1.16213124](https://www.nrk.no/sport/mener-equinor-misbruker-skisporten--som-om-et-tobakksselskap-skulle-sponset-kreftforeningen-1.16213124)

Sport Positive. (2023). *Sport Positive Leagues Release 2021 Update To Premier League Environmental Sustainability Matrix*. Sportpositiveleagues.com. Henta frå:

<https://www.sportpositiveleagues.com/news-article/sport-positive-leagues-release-2021-update-to-premier-league-environmental-sustainability-matrix/>

Supran, & Oreskes, N. (2017). *Assessing ExxonMobil's climate change communications (1977-2014)*. Environmental Research Letters, 12(8), 84019.

<https://doi.org/10.1088/1748-9326/aa815f>

Sustainable Development Report (2021, 01.11). *Norway*. Henta frå:

<https://dashboards.sdgindex.org/static/profiles/pdfs/SDR-2021-norway.pdf>

Sustainable Development Report (2021, 01.11). *Rankings*. Henta frå:

<https://dashboards.sdgindex.org/rankings>

Thagaard, T. (2019). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitative metoder* (5. utg., p. 222). Fagbokforl.

The Stadium Guide. (2021, 27.11). *FIFA World Cup 2022 Stadiums*. Stadiumguide.com.

Henta frå: <https://www.stadiumguide.com/tournaments/fifa-world-cup-2022-stadiums-qatar/>

Thurén, T., Gjerpe, K., & Gjestland, D. (2021). *Vitenskapsteori for nybegynnere* (2. utg., p. 204). Gyldendal akademisk.

Tilnull. (2023). *Norges vei til nullutslipp*. Tilnull.no. Henta frå: <https://www.tilnull.no/>

Tjora, A. H. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4. utgave.). Gyldendal.

United Nations Environment Programme (2022). *Emissions Gap Report 2022: The Closing Window — Climate crisis calls for rapid transformation of societies*. Nairobi.

<https://www.unep.org/emissions-gap-report-2022>

Wesström. (2016). 2018 FIFA World Cup™. *Greenhouse gas accounting report*. FIFA.com.

Henta frå:

<https://digitalhub.fifa.com/m/a96fa2c95a79242/original/bs36nsonccbtfs5v7ppu-pdf.pdf>

Widerberg, K., & Bolstad, K. (2005). *Historien om et kvalitativt forskningsprosjekt : en alternativ lærebok* (p. 206). Universitetsforl.

Wikipedia. (2023). *List of most-watched television broadcasts*. Wikipedia. Henta frå:

https://en.wikipedia.org/wiki/List_of_most-watched_television_broadcasts

Vil du delta i forskingsprosjektet

«Daglege leiarar i norske fotballklubbar sine tankar rundt berekraft i eigen klubb»?

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å undersøkje daglege leiarar sine tankar rundt berekraft innan fotballen og eigen klubb.

I dette skrivet gjev vi deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltaking vil innebere for deg.

Føremål

Prosjektleder ynskjer innsikt i kva forståing norske fotballeiarar har av berekraftsogrepet og kva rolle det har for beslutningsprosessar i norsk fotball. Ein ynskjer å intervju 5-7 daglege leiarar.

Ein ynskjer å få vite kva tankar daglege leiarar har rundt berekraft, om berekraft spelar inn på avgjersler og initiativ, samt om klubben allereie har gjort noko i berekraftsaugemed.

Dette prosjektet er ei masteroppgåve.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Målgruppa er daglege leiarar i norske fotballklubbar då ein anser dei som best informerte om alt som skjer i klubben, både på og utanfor bana.

Kva inneber det for deg å delta?

Prosjektleder ynskjer å gjennomføre éit intervju på 30-60 minutt med intervjupersonane, fysisk eller digitalt. Ein vil ta opp lyd, enten med diktafon, eller med videoopptak på til dømes Zoom. Det vert supplert med notat.

Personopplysningar, som namn, vil verte anonymisert i oppgåva.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysningane dine

Ein vil berre nytta opplysningane om deg til føremåla ein har fortalt om i dette skrivet. Ein behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Berre prosjektleder vil ha tilgang på datamaterialet og opplysningane dine.

I datahandsaminga vil namnet ditt verte endra for å sikra anonymitet. Dersom det skulle verte naudvendig med ein namneliste for originalnamna vil den oppbevarast på ein ekstern harddisk.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysningane blir anonymiserte når prosjektet er avslutta/oppgåva er godkjend, noko som etter planen er 15.07.2023. Deretter vil opplysningane og datamaterialet verte sletta.

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?

Vi behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, du ynskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet ved
Torstein Bakketun Kyte. Telefon: 46962568. E-post: torstein17@hotmail.no.
Birte Barsnes Frøyd. Telefon: 90970245. E-post: birte.barsnes.froyd@hvl.no

Personvernombud ved HVL: Trine Anikken Larsen.

Telefon: 55 58 76 82. E-post: Trine.Anikken.Larsen@hvl.no

Dersom du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 53 21 15 00.

Venleg helsing

Birte Barsnes Frøyd/Håvard Grøteide
(Forskar/rettleiar)

Torstein Bakketun Kyte

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet *Daglege leiarar sine tankar rundt berekraft* og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

å delta i intervju.

Eg samtykker til at opplysningane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

(Signert av prosjektdeltakar, dato).

Intervjuguide Master 2021-22 – TBK

Denne masteroppgåva tek føre seg fotball og berekraft, med utgangspunkt i FNs 17 berekraftsmål.

Ein ynskjer å undersøkje norske fotballklubbar forhold til berekraft og kva faktorar som påverkar deira tankar og handlingar rundt temaet. Ein ynskjer å vita om klubbane bevisst nyttar berekraftsmåla i sitt arbeid eller om det er andre ting som legg føringar.

Master-prosjektet intervjuar daglege leiarar i norske fotballklubbar og avsluttast i 2022.

Personleg

Kva er din bakgrunn?

Klubben

Kva er jobben din og kva går den ut på?

- Har noko endra seg på åra du har vore i jobben?

Kva delar av klubben tek du med i din forståing av klubben?

- Toppsatsinga, topp + breidde, herre og kvinner?

Kva faktorar eller ting utanfor klubben meiner du påverkar klubben mest?

Berekraft

Korleis forstår du omgrepet berekraft?

*Definer berekraft (med hovudfokus på klimamålsetnad nr. 13).

- Om du tenker utifrå denne definisjonen; følar du at dikka har gjort nokon berekraftstiltak?
- Er det noko dikka jobbar med? Har dikka ein berekraftsstrategi?
- Er det nokon tiltak du kunne tenkje deg å gjere?

- Kva meiner du er gode tiltak?

Kva er det som har påverka om dikka har gjort berekraftstiltak eller ikkje?

- Kva hindringar ligg i vegen for å vere berekraftige?
- Er det nokon berekraftstiltak dikka kunne tenke dikka å gjennomføre?

Korleis forstår du klimaendringar?

- Har klimaendringane påverka din klubb?

Det store biletet.

- Korleis ser du utviklinga i europeisk fotball i høve til berekraft?
- Er det same utvikling i Noreg?
- Kva trur du må til for at norsk fotball eventuelt kan verte berekraftig?/Kvifor er norsk fotball berekraftig?

Tusen hjarteleg takk for at du stilte opp til dette intervjuet!